

# KUNNSKAPSGRUNNLAG

## Senterstruktur


### Voss herad

Eit sterkt regionsenter og levande grender

06.10.2025



LÉVA URBAN DESIGN



# INNHALDSOVERSIKT

Bakgrunn	2
Innsiktsgrunnlag og metodar	3
00 Introduksjon	6
01 Demografi og bustad	9
02 Næringsliv	19
03 Stadsidentitet og kultur	30
04 Sosiale verdiar	36
05 Kvardagslivet	41
Utfordringar og moglegheitar	46
Anbefaling senterstruktur	91
Oppsummering politisk verkstad	94

## Dokumentinformasjon

Oppdragsgiver :	Voss herad
Utarbeidet av :	LÉVA Urban Design
Tittel :	Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur
Dato :	06. Oktober 2025
Tema :	Senterstruktur
Leveranse :	Rapport

# Bakgrunn

Som ein del av revisjonen av kommuneplanen ønsker Voss herad å vurdere dagens senterstruktur. I gjeldande kommuneplan 2020–2032 er det definert tre lokalsenter (Skulestadmoen, Palmafossen og Granvin) og fem nærsenter (Bolstad, Evanger, Bjørgum, Vinje og Myrkdalen). I tillegg finst fleire grender utan senterstatus. Voss herad ønsker å få analysert dagens situasjon som eit grunnlag for å sjå på ein framtidig senterstruktur som legg til rette for ei berekraftig framtidig utvikling.

Regjeringa peikar på at småbyar og grender må styrkast for å sikre attraktive bu- og arbeidsstader og for å nå klimamål. Det krev ein målretta arealpolitikk der bustader, arbeidsplassar, handel, tenester og møteplassar blir samla i eller nær sentrum.

Føremålet med rapporten er å utvikle eit kunnskapsbasert grunnlag for vidare vurdering av senterstrukturen. Gjennom å dokumentere og systematisere kunnskap om dei ulike grendene og stadene i heradet, skal arbeidet bidra med innsikt som er nyttig for arbeidet med kommuneplanen. Dette omfattar blant anna ei forståing av korleis busetnad, næringsliv, tenestetilbod og infrastruktur verkar saman, og korleis desse faktorane til saman formar dei ulike lokalsamfunna.

Rapporten har som mål å løfte blikket frå dei einskilde områda, og sjå heile heradet i samanheng. Den legg vekt på å drøfte overordna utviklingstrekk og tematikkar som gjeld for alle delar av heradet, samstundes som det vert gjort analysar av ulike gredar i heradet. Denne kombinasjonen gjer at både dei store linjene og dei lokale særprega kjem tydeleg fram. Ei slik heilskapleg tilnærming opnar for å identifisere både strukturelle moglegheiter og utfordringar, og gjer det mogleg å vurdere potensialet i kvart område ut frå føresetnadene staden har. På denne måten legg rapporten eit viktig grunnlag for eit meir målretta og berekraftig arbeid med framtidig utvikling.

I arbeidet med denne rapporten er det teke i bruk fleire ulike metodar for å utvikle eit solid kunnskapsgrunnlag. Ein slik kombinasjon er viktig for å oppnå god innsikt og forståing av dei samanhengane og strukturane som pregar utviklinga i heradet. Metodane supplerer kvarandre og gjer det mogleg å belyse både overordna utviklingstrekk og lokale særpreg.

I prosessen er det nytta både kvalitative og kvantitative metodar, gjort analytisk arbeid, innsamling av erfaringar og observasjonar frå synfaring. Konkret omfattar dette skrivebordsanalysar og teorigjennomgang, eit digitalt arbeidsverkstad med deltakarar frå alle kommunalavdelingar i administrasjonen i Voss herad, ei digital undersøking retta mot innbyggjarane, fysisk arbeidsverkstad med politikarar samt befaringer på fleire av stadene i heradet.

## Skrivebordsanalyser og teori

I oppstarten av arbeidet vart det gjennomført skrivebordsanalysar for å etablere ei grunnleggande innsikt om heradet. Målet var å få oversikt over overordna strukturar og utviklingstrekk, særleg knytt til demografi, økonomi, næringsliv og andre sentrale forhold.

For kvart tema vart det og teke utgangspunkt i relevant teori, slik at observasjonar kunne setjast i ein fagleg og analytisk samanheng. Det vart nytta ei rekke kjelder, mellom anna dokument og utgreiingar frå Voss herad, statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) samt andre nasjonale og regionale kjelder. Eit viktig grunnlag har og vore rapportar og teori frå Distriktsenteret.

## Digitalt arbeidsverksted

Ein sentral del av oppstartsfasen i arbeidet var gjennomføringa av eit digitalt arbeidsverkstad i april. Her var det deltakarar frå alle kommunalavdelingar i administrasjonen i Voss herad. Føremålet med verkstaden var todelt: å hente inn innsikt om tematiske område dei har særleg fagkompetanse på, og å få fram lokalkunnskap knytt til dei ulike stadene i heradet.

Arbeidsverkstaden bidrog til å avdekke både overordna potensial og utfordringar som er relevante for heile heradet, samstundes som det gav meir detaljert kunnskap om dei einskilde grendene. Denne kombinasjonen av fagleg perspektiv og lokal innsikt har vore viktig for å styrke kunnskapsgrunnlaget og for å sikre at analysen tek omsyn til både strukturelle og stadsspesifikke forhold.

## Synfaring og observasjonar

For å få djupare innsikt i dei fysiske kvalitetane og utfordringane i dei ulike delane av heradet, vart det gjennomført synfaring på fleire av grendene. Synfaringa hadde som føremål å dokumentere og observere stadsspesifikke forhold og overordna strukturar, slik at kunnskapsgrunnlaget ikkje berre byggjer på statistikk, dokument og teori, men også på stadforståing.

Gjennom synfaringane vart det lagt vekt på å identifisere sentrale kvalitetsfaktorar eller utfordringar som påverkar opplevinga og funksjonaliteten til stadene, til dømes tilgjenge, samanhengen mellom bustadområde og tenestetilbud, tilstanden på offentlege rom og møteplassar, trafikkløysingar, og korleis grendene er kopla til omkringliggende område.

Synfaringane omfatta følgjande stadar i heradet: Bolstad, Evanger, Bulken, Granvin, Myrdalen, Vinje, Sundve, Oppheim, Palmafossen og Skulestadmoen. Desse representerer eit breitt spekter av stader med ulike storleikar, funksjonar og utviklingsføresetnader. Ved å studere stadene i sin kontekst vart det mogleg å samanlikne ulike lokale strukturar og dynamikkar, og å identifisere både fellestrek og særpreg.

## Digital undersøking

For å styrke lokalkunnskapen om dei ulike grendene i heradet, og for å få ei betre forståing av dei overordna strukturane, vart det gjennomført ei digital undersøkinga vart sendt til eit representativt utval innbyggjarar frå ulike delar av Voss herad. Totalt vart undersøkinga distribuert til ti prosent av befolkninga over 18 år, om lag 1 500 personar, basert på eit representativt utval knytt til poststad. Til saman gjennomførte 357 personar heile eller delar av spørjeskjemaet.

Svarprosenten varierte mellom grendene, men ligg likevel på eit nivå som gjev eit grunnlag for representativitet. Den største delen av respondentane kjem frå Vossevangen (34 %), etterfølgd av Skulestadmoen (9 %), Vossestrand (8 %), Bjørgum (8 %) og Palmafossen (8 %). Lågast deltaking fann ein i Bolstad, Evanger og Myrdalen, der kvar av stadene utgjorde om lag 2 % av respondentane. Samstundes er det verdt å merka seg at til dømes Bolstad, tross låg del av respondentane totalt, hadde høg deltaking i forhold til utvalet, kor heile 22 prosent av dei som fekk undersøkinga svarte.

Undersøkinga tok opp fleire tema som identitet og tilhørsle, funksjonar og tenestetilbod, bustadbehov samt mobilitet og tilgjenge. Datamaterialet frå undersøkinga har gitt eit viktig supplement med innsikt fra lokalbefolkninga.

## Arbeidsverkstad med politikare

Som ein del av valideringa av arbeidet vart dei førebelse funna presenterte for både administrasjonen og politikarane i september 2025. Presentasjonen hadde som føremål å sikre forankring og å invitere til innspel om tema eller problemstillingar som burde inkluderast i kunnskapsgrunnlaget. På denne måten vart prosessen open for korrigeringar og suppleringar, slik at rapporten kunne gje eit mest mogleg dekkjande og relevant bilet av situasjonen i heradet.

I etterkant av presentasjonen vart det arrangert eit arbeidsverkstad med politikarane. Her var målsetjinga å løfte blikket frå dei enskilde stadene, og i staden arbeide på eit meir overordna nivå med dei tema som hadde komme fram som særleg viktige i kunnskapsgrunnlaget. Følgjande tema vart løfta fram: arbeidsplassar, stadsidentitet, barn og unge, sykkel og gange, eldre, samt dugnads- oglagsliv.

I verkstaden arbeidde deltakarane i grupper, der dei først markerte kva for stader som har særleg potensial eller utfordringar knytt til kvart tema. Deretter drøfta dei mogelege tiltak og løysingar for å møte utfordringane eller forsterke dei positive utviklingstrekkja. Hensikta var både å kvalitetssikre det faglege grunnlaget og å sikre politisk eigarskap til dei innsiktene som ligg til grunn for vidare planarbeid.

# Kunnskapsgrunnlag


## Kva skal til for å lukkast med å skape gode lokalsamfunn på Voss?

Lokal stedsutvikling handlar ikkje lenger berre om å utvikle einskilde område. For å lukkast med å utvikle gode lokalsamfunn må ein sjå fleire faktorar i samanheng. Når ein til dømes skal bestemme seg for om ein vil bu på eit sted, eller om ein skal flytte vidare, spelar mange faktorar inn, slik som arbeidsplassar, fritidstilbod, bustad, butikkar, sosialt miljø, fysiske kvalitetar og mykje meir. Dette gjer også at det er vanskeleg å peike på nøyaktig kva som er resultatet av kommunen sin innsats, anten det handlar om å skape eit levande sentrum eller tilretteleggje for nye næringsetableringar. Samtidig er det også utfordrande å slå fast at noko ikkje har fungert. Ein har best føresetnader for å lukkast når ein ser og forstår flest mogleg samanhengar (Wekre & Aggvin, 2018).

Dette kunnskapsgrunnlaget har som føremål å sjå på ulike tematikker og samanhengar for å få eit godt grunnlag for å forstå ulike potensialer og utfordringar.


## Å sjå samanhengar

Brei verdiskaping utfordrar oss til å sjå samanhengar og undersøke kva som styrker og svekker dei ulike formene for verdiskaping. Det krev dialog for å identifisere koplingar, konfliktar og mogelege løysingar. For å lukkast, er det viktig å ha kjennskap til lokal kultur, lokale økosystem og menneska som bur på staden. Samstundes bør ein støtte seg på vitskapleg kunnskap og fagkompetanse for å ta velinformerte avgjerder.  
(Distriktsenteret, 2018, s. 37)



## Å sjå samanheng og styrke dei verdiane som er

Voss har mange gredner, kvar med sine eigne verdiar innan økonomi, sosiale fellesskap, kultur og natur. Nokre stader har særleg sterke lokalsamfunn og møteplassar, andre har viktige næringsfunksjonar, reiseliv eller unike natur- og kulturfunktetar. Figuren visar ein overordna inndeling av korleis ein kan sjå verdiane i ein samanheng.



Ved å sjå desse verdiane i samanheng kan ein forstå korleis dei ulike stadane utfyller kvarandre og saman skapar eit meir robust og berekraftig Voss. Ei slik heilskapleg tilnærming gjer det mogleg å styrke kvar enkelt stad gjennom betre samarbeid, samordna utvikling og målretta satsingar. Slik kan ein både ta vare på det som gjer kvar stad unik, og samtidig utvikle eit sterkare nettverk av stader som støttar opp om kvarandre.

## Trendar og tendensar i livsstil og by- og stedsutvikling

Å følgje med på trendar og tendensar innan livsstil og stedsutvikling er viktig fordi dei i stor grad påverkar korleis folk ønskjer å leve, bu og bruke stadane sine. Endringar som for eksempel meir heimekontor, sterkare fokus på klima og miljø eller ønskje om gode kultur- og fritidstilbod kan skape nye behov for bustader, arbeidsplassar og møteplassar. Desse utviklingstrekkja påverkar difor blant anna transportmønster, handel, arealbruk og utforminga av offentlege rom.

Ved å forstå og ta omsyn til slike tendensar kan ein planleggje for lokalsamfunn og senter som er attraktive, berekraftige og robuste over tid. Det gir eit betre grunnlag for å møte framtidige behov, styrke identitet og fellesskap, og skape samfunn som opplevast relevante og gode å bu i både for dagens og morgondagens innbyggjarar.

Punktene til høgre visar nokre av desse trendane som er aktuelle i dag og peikar på at ein må planleggje med berekraftige og grøne prinsipp, med vekt på helse, livskvalitet og sosial inkludering. Fleksible løysingar, nærliek mellom arbeid, bustad og tenester, samt moglegheit for innbyggjardeltaking, er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn.



### Klima og berekraft som grunnmur

Klimatilpassing, sirkulær ressursbruk og naturbaserte løysingar er ikkje lenger «ekstra», men grunnvilkår. Nye senter må utviklast med grøne strukturar, kortreist ressursbruk og låg miljøbelastning.



### Helse og livskvalitet i sentrum

Stadane skal vere meir enn bustad og handel, dei skal bidra til fysisk, mental og sosial helse. Tilgjenge til grøntområde, trygge møteplassar og inkluderande fellesskapsarenaer blir sentrale kvalitetskrav.



### Hybrid kvardag

Arbeid, bustad, fritid og handel flyt meir saman. Det skaper behov for fleksible bygg og funksjonar, og ei struktur der kvardagens funksjonar ligg nært og tilgjengeleg. Desentraliserte senter blir viktige for å handtere tidsklemma.



### Fellesskap og lokal identitet

Småskala tilhørsle og dugnadskultur står sterkt. Sosial infrastruktur som bydelshus, delte verkstadar eller møteplassar blir avgjerande både i sentra og i grednar som ikkje får senterstatus.



### Fleksible løysingar og deltaking

Innbyggjarar ønskjer i større grad å prege nærområda sine, både visuelt og funksjonelt. Modulære bygg, ombruk og deltaking i utforming og innhald blir viktige element i attraktive senter.



### Verdibasert utvikling

Det stillast sterkare krav til rettferdig tilgang til bustad, tenester og møteplassar. Innbyggjardeltaking og samskaping med næringsliv og frivillige vil vere avgjerande for legitimitet og langsiktig berekraft.

# 01 Demografi og bustad

Kunnskap om befolkning og demografiske forhold er avgjerande for å leggje til rette for tenester, infrastruktur og næringsutvikling. Alderssamansetning, folketalsutvikling og inn- og utflytting påverkar behovet for skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester, samt arbeidskraft og kompetanse i kommunen. Dei neste sidene viser nokre overordnede demografiske analysar.

## Kven bur på Voss?

Det er **16433** innbyggjare i heradet.


Biletet til høyre viser aldersfordelinga i dei ulike skulekrinsane i Voss herad. Aldersfordelinga i heradet speiler den nasjonale aldersfordelinga i stor grad når det gjeld aldersgruppene 0-19 år og 50-69 år, men har lågare andel i aldersgruppa 20-49 år (35% i Voss, 40% nasjonalt), og høgare andel i aldersgruppa 70+ (17% i Voss og 14% nasjonalt).

Det er spesielt Palmafossen, Bulken og Bjørgum som har ein høg del barn og unge i alderen 0-19 år (27%) i krinsane (over gjenomsnittet i Voss som er 23 %).


Gjenomsnittet for dei som er over 70 år ligg på 17% totalt i heradet. Her skiller Granvin og Vangen/Gullfjorden seg ut med tilsvarende 20% og 21%.

Grøne og rauda felt i kartet viser kva skulekrinsar som har hatt befolkningsvekst eller nedgang dei siste 15 åra.

Aldersfordelinga i krinsane er viktig informasjon for Voss herad når ein skal planleggja framtidige tenester og utvikling. Det er viktig å tilpasse tilbod etter kvar folk i ulike livsfasar bur, samstundes som ein bør planleggja for å auka attraktiviteten blant fleire aldersgrupper på same stad.



### Aldersforeling i skulekrinsane:





## Andel eldre over 70 år per grunnkrets

Kartet syner andelen over 70 år per grunnkrets. Dei mørke områda syner kor i heradet eldre over 70 år har høgst andel. Dette gjeld fleire stader i ytterkantene av Voss herad (Mjølfjell, Lussand-Kvandal, Tjoflot), men også sentralt i Vossevangen.

Dette er andel per grunnkrets, og det betyr derfor at det kan bu fleire eldre i antal i Palmafossen enn i ytterkanten av Granvin (til dømes).

Det er også ein høg andel eldre i grunnkretsane Reppen, Reime, Lid, Urdland, Framnes og Gullfjordungen, som alle ligg mellom 19-26%.

Kartet visar at fleire grunnkretsar i ytterkantene i heradet har ein høg andel eldre. Høg andel eldre og usentral beliggenhet vil til dømes gi utfordringar med tanke på lang avstand til nødvendige tenester som helse- og omsorgstenester, samt kvardagstjenester. Lange avstander til slike tenester kan gjere det vanskeleg for den enkelte å oppretthalde eit trygt og godt kvardagssliv.



## Fleire eldre framover - kva betyr det for heradet?


Framskrivningar for Voss herad viser ein moderat befolkningsvekst på 6,5 % fram mot 2050, tilsvarende ein auke på 1075 personar. Sjølv om den samla veksten er positiv, visar det betydelege endringar i alderssamsetjinga som kan gje kommunen store samfunnsmessige og økonomiske utfordringar i åra som kjem.

Den mest markante endringa er den sterke veksten i dei eldste aldersgruppene. Talet på personar i alderen 80–89 år er venta å auke med heile 82 %, medan gruppa over 90 år vil auke med heile 95 %. Denne utviklinga inneber eit kraftig auka behov for helse- og omsorgstenester, samt tilrettelegging for eldre. Samstundes peker fremskrivinga på ein nedgang i talet på barn og unge (0–17 år), samt i gruppa 18–49 år, som utgjer den viktigaste delen av den yrkesaktive befolkninga.

Demografiendringar kan påverke kommunen på fleire måtar. Ein auke i andel eldre kan vere utfordrande i forhold til blant anna tilgang på arbeidskraft, samt kommunen sine skatteinntekter over tid. Med fleire eldre vil det komme nye behov for blant anna bolig, omsorgstenestar osv. Dette gjer at ein må tenkje nytt både i planlegginga for den demografiendringa som kjem, samstundes på korleis ein kan arbeide for å motverke dei store endringane.

Det er **16 433**  
innbyggere i heradet

Forventet fremskrivining mot  
2050: **17 546**



**ALLE ALDERSGRUPPER:**  
**+6,5%**

Kjelde:<https://www.ssb.no/befolking/befolkningsframskrivinger/statistikk/regionale-befolkningsframskrivinger/artikler/befolkningsframskrivinger-paa-kommunekart>

### Faktorar som kan påverke befolkningsframskrivinga

Data frå SSB om befolkningsframskrivinger bygger i hovudsak på alder og kjønn i befolkninga, og nyttar ulike føresetnader om framtidig fruktbarheit (tal på fødslar), dødelegheit (tal på dødsfall) samt inn- og utvandring. Tala gir dermed eit overordna bilet av mogleg befolkningsvekst, men som ikkje er tilpassa lokale forhold.

Det ligg betydeleg usikkerheit i desse framskrivingane, då dei ikkje tek omsyn til særlege føresetnader, moglegheiter og utfordringar i Voss herad. Lokale faktorar som vidare utvikling av Bergensbanen, auka næringsutvikling, risiko knytt til skred- og flaumutsette område, samt reell tilgang på bustader der folk ønskjer å bu, er døme på faktorar som kan påverke folketalsutviklinga i vesentleg grad. Betydninga av dette er at befolkningsframskrivingane må tolkast som retningsgivande scenario. For kommunen inneber det at planlegging av tenester, infrastruktur og bustadutvikling bør kombinerast med lokal kunnskap og strategiske vurderingar. På den måten kan ein betre fange opp både risiko og moglegheiter, og legge grunnlag for ei meir treffsikker samfunnsplanlegging.


## Befolkningsauke i dei fleste skulekrinsane sidan 2010

Kartet viser befolkningsendringa i dei ulike skulekrinsane i Voss herad frå år 2000 til 2025. Fargenyansane illustrerer om det har vært økning i krinsen (grønn) eller nedgang (rød) i folketallet dei siste 15 åra.

Vi ser tydeleg at Vangen/Gullfjordungen er den mest folkerike krinsen, etterfulgt av Palmafossen og Skulestadmoen. Sjølv om Skulestadmoen er ein av dei mest folkerike krinsane har dei hatt ei nedgang i folketalet de siste 15 åra.

Samstundes er det Gjernes/Bordalen (inkl. Nyre), som har den største prosentvise auken, etterfølgt av Palmafossen (inkl. Kyte) og Vangen/Gullfjordungen.

Ser ein på den første pila for kvar skulekrins, kjem det fram at alle, med unntak av Vangen og Bjørgum, hadde nedgang i folketalet i perioden 2000–2010. Etter 2010 har denne trenden snudd, og dei fleste skulekrinsane har opplevd vekst. Befolkningsframskrivinga (vist på forrige side) peikar på ein moderat vekst fram mot 2050. Framskrivinga byggjer på fødslar, dødsfall samt inn- og utvandring, men tek ikkje omsyn til faktorar som næringsutvikling, busetnadsattraktivitet eller andre samfunnstilhøve.




## Befolkingstettleiken ligg langs tre aksar

Folketettleiken er høgst på Vossevangen, med over 500 personar per km<sup>2</sup>. Kartet viser også at folketettleiken i fleire av skulekrinsane er sentralisert i eit område eller langs ein akse inn mot Vossevangen. Dette gjeld spesielt dei tre aksane frå Vossevangen vest mot Bolstad, nord mot Vossestrand og sør aust mot Granvin.

Sjølv om skulekrinsen til Palmafossen er eitt av dei mest folkerike områda i heradet, ser ein at det berre er ein liten del av krinsen som faktisk er busett, og i stor grad sentrert i retning mot Vossevangen.

Det er ei konsentrasiøn av bustader, innbyggjarar og verksemder langs dei tre aksane; nord, vest og sør. Dette gjer det lettare å styrke dei tre aksane for utvikling samstundes som det er ei utfordring for dei stadane i heradet som ikkje er like påkobla desse. Dei fleste grendane som ikkje er langs desse aksane har likevel relativt kort avstand til enten aksane eller Vossevangen.




## Bustadtettleiken er størst langs tre aksar

Kartet viser bustadtettleik i Voss herad, målt i antal bustader per kvadratkilometer. Høgast bustadkonsentrasjon finn vi i og rundt Voss sentrum, der det er mellom 500 og 1999 bustader per km<sup>2</sup>. Også område som Palmafossen og Skulestadmoen har høg tettleik, med mellom 100 og 499 bustader per km<sup>2</sup>.

Langs transportårer inn mot Voss, som til dømes mot grendene Evanger, Bulken, Bjørgum og Vinje, ser vi ein noko lågare tettleik, mellom 20 og 99 bustader per km<sup>2</sup>. Fleire stader i heradet har ein låg bustadkonsentrasjon, ofte under 20 bustader per km<sup>2</sup>. Dette viser at bustadene i Voss i viss grad er centralisert i og rundt sentrum, samt langs hovudaksane.

Når det gjeld konsentrasjonen av fritidsbustader ser ein at det er ein god miks av både boliger og hytter i Myrdalen, ein konsentrasjon av hytter kring Vossevangen (Bavallen), samt at det rundt Hamlagrøvatnet, Vasstrondi og innover mot Mjøfjell og finst ein del større hyttefelt.



## Fleire i Voss vil bu på Vossevangen


Dataen viser tal og statistikk for bustader i heradet. Dei siste 10 åra har det skjedd ein viss fortetting, men det bur framleis mange utanfor det som vert definert som «tettstader». Ein kan anta at folketalsveksten har vore, og vil halde fram med å vere, i tettstadene. I tillegg er bustadmarknaden prega av høg etterspurnad på sentrumsnære bustader (Voss herad, 2024).

Innsikt frå undersøkinga viser og at det finst fleire utfordringar knytte til boligtilbodet i heradet. Dette gjeld mellom anna mangel på eigna bustader der folk ønskjer å bu, lite tomtel tilbod, høge prisar og avgrensa leigemoglegheiter. Ein av grunnane til at folk blir trekt mot tettbygde område, kan vere ein større variasjon i bustadtilbodet som i større grad dekkjer individuelle behov.


Auka etterspørsel etter sentrumsnære bustader fører til at meir vekst og aktivitet blir konsentrert rundt sentrum, noko som kan styrka handel, service og kulturtillbod og gje det lettare for næringslivet der. For resten av heradet kan dette samtidig bety at spreidde bygder får svakare befolningsvekst og mindre grunnlag for lokale tenester og næringsverksemeld, noko som kan skape større skilnader mellom sentrum og grendene.

### Tal frå SSB


Antal som bur i tettbygde eller spredtbygde strøk i Voss



Boligene i Voss herad



Typer av husholdninger



Andelen som bor i tettsted var **63%** i 2024



Ein tettstad er uavhengig av fylkes- og kommunegrenser, og viser til eit område der det bur minst 200 personar, og der det (med nokre unntak) ikkje er meir enn 50 meter mellom husene.

■ Fritidsbolig

■ Eneboliger

■ Boligblokk

■ Tomannsbolig

■ Rekkehus, kjedehus og andre småhus

■ Bofelleskap

■ Annét

■ Aleneboende

■ Par uten hjemmeboende barn

■ Par med barn

■ Mor/far med barn

■ Enfamiliehusholdninger med voksne barn

■ Flerfamiliehusholdning

## Innbyggjarar peikar på fleire utfordringar med bustadttilbodet

Innbyggjarundersøkinga viser at bustadsituasjonen i heradet er prega av fleire strukturelle utfordringar som påverkar tilgjengeleight, prisnivå og moglegheiter for ulike grupper i befolkninga. Følgjande faktorar blir gjentekne i undersøkinga:

- Boligprisane**, særleg på Vossevangen, men og i andre delar av heradet, er høge og utgjer ei stor utfordring for enslege og førstegongsetablerarar.
- Få leigemoglegheiter**, noko som avgrensar fleksibilitet for folk som ikkje kan eller ønskjer å kjøpe eigedom.
- Manglar bustader som er tilrettelagde for eldre**, noko som hindrar flytting og frigjering av eksisterande bustader.
- Det er få tomter tilgjengeleg** på stader der folk ønskjer å busetje seg.
- Bustadar som blir sold som fritidshus**, noko som reduserer tilgangen på boligar for fast busetnad.

Desse utfordringane medfører at tilflytting blir hemma, demografiske behov ikkje blir dekte, og samfunnsutviklinga kan bli bremsa. Når bustader blir brukt som fritidsboliger, eller eldre ikkje har tilgang til tilrettelagde bustader, vert ikkje eksisterande bustader frigjorde for nye fastbuande. Dette reduserer det genrelle bustadttilbodet i heradet.

*"Vansklig å komme seg inn på egedomsmarkedet som einsleg."*

*"Prisnivået på leilegheitar, dyrt å kjøpa. Få leilegheitar til å leiga"*

*"mangler litt alternativer for leilighet om ein ønsker mindre enn enebolig, mindre uteareal, litt ut av sentrums kjærna, men vil ha meir plass enn ein leilighet. type rekkehus som einslege kan ha råd til "*

*"For få boliger til salgs i utkanten av Voss."*

*"Alt for mange bustadhus blir solgt som hytter ute i grendene. Husene blir så dyre at ungdom ikkje kan vera med i budrundene."*

*"Vanskeleg for unge å få bygga einebustadar ute i bygdene."*

*"Treng fleire bustadar i grendene. Veldig masse utelege til fritidsbustadar. Småbruk vert sold til store bruk kun for jorda, også leiger dei ut huset."*

*"mangler eldrebustader"*

*"høge prisar"*

*"Det er alt for høge prisar. Det burde vere buplikt"*

*"Store utfordringar med å skilje ut tomter"*

*"For mange er det vanskeleg å komme inn på bustadmarknaden på Voss, og det er veldig høge prisar. Dette må regulerast for at folk skal få moglegheit til å kjøpe seg bustad"*


**Utdrag frå totalt 129 kommentarar til utfordringar knytt til bustadttilbodet i heradet (Voss undersøking, 2025)**

## Lys i gamle hus - bustadreserve der folk vil bu?

"Lys i gamle hus" er eit nasjonalt pilotprosjekt i regi av Fortidsminneforeningen (2022–2025), der Voss vart med som sjette kommune vinteren 2023. Prosjektet har som mål å puste nytt liv i gamle og tomme bustader gjennom kartlegging, vurdering og tilrettelegging for at dei igjen kan tas i bruk. Utgangspunktet er at bustader som står tomme representerer ein viktig ressurs som kan bidra til å løyse konkrete utfordringar knytt til bustadpress og tilgang på arbeidskraft.

Slike tomme hus utgjer ein skjult reserve som kan frigjere bustader utan behov for nye store utbyggingsområde. Dette kan difor vere med å bidra positivt til å møte etterspurnad etter bustader særleg kor presset er størst. Kartet visar at det er høgast andel tomme hus i og omkring Vossevangen, kor også etterspurnaden er høg.

Oversiktskartet samsvarar i stor grad med karta over folketettleik og bustadtettleik, men viser eit meir spreidd mønster. Det blir difor viktig å avklare kva for område med tomme hus som bør prioriterast, anten som leigebustad eller ny bustad, i tråd med den framtidige arealstrategien.



## 02 Næringsliv

Kunnskap om næringslivet er sentralt i samfunnsplasseringa fordi næringsstrukturen har stor innverknad på både busettnad, arbeidsplassar og lokal utvikling. Eit sterkt og variert næringsliv skapar verdiskaping, tiltrekker arbeidskraft og gjev grunnlag for innovasjon og nye etableringar. Samstundes påverkar næringslivet kor folk vel å bu, kva slags tenester som vert etterspurde, og korleis lokalsamfunn utviklar seg over tid. For heradet betyr dette at næringslivet ikkje berre er ein økonomisk faktor, men også viktig når ein skal utvikle attraktive og berekraftige lokalsamfunn.

## Næringslivets rolle i stedsutvikling

**Lokalsamfunn, grender og byar i Distrikts-Noreg er ikkje berre påverka av, men er i stor grad skapte med utgangspunkt i eit lokalt næringsliv** (Distriktsenteret, 2020, s.3)

Dette gjeld både dei tradisjonelle primærnæringane som landbruk, fiske og bergverk, og industriverksemda som vaks fram seinare. Forskning viser at næringsstrukturen i distrikta framleis er sterkt spesialisert. Mange lokalsamfunn er derfor direkte avhengige av utviklinga i enkeltbedrifter og bransjar (Distriktsenteret, 2020, s.3).


Stedsutvikling handlar om korleis lokalsamfunnet blir utforma og lagt til rette for både innbyggjarar og næringsliv. Handel og service er viktige drivkretfer i utviklinga av byar og grender. Næringslivet bidreg ikkje berre som arbeidsgivar og tenesteleverandør, men også som ein sentral partner i samfunnsutviklinga, og skiljet mellom næringsutvikling og anna samfunnsutvikling er blitt mindre tydeleg i dag enn før.

For distriktskommunar som opplev vekst i arbeidsplassar, er det avgjerande å skape attraktive buminlø for å tiltrekke og halde på kompetent arbeidskraft og slik sikre befolningsvekst. Levande og velfungerande sentrum er eit gode i seg sjølv, men også eit viktig konkurransefortrinn i kampen om kompetansen (Distriktsenteret, 2020, s.3).

Teori: Næringslivets betydning for stedsutvikling, boligutvikling og inkludering i distriktskommuner (Distriktsenteret, 2020)  
Illustrasjon: LÉVA Urban Design

Næringslivet ser på kvaliteten i bygg og område som ein viktig ressurs, det styrker eiga verksemd og konkurransekraft.

For å tiltrekke seg og halde på folk, og for å få tilgang til kompetent arbeidskraft, er stedskvalitetar og eit levande sentrum viktig. Det styrker både attraktiviteten og konkurransekraft.



## Stadskvalitetar har betydning for næringslivet

Attraktive stader med levande sentrum, gode møteplassar, variert handelstilbod og kulturtilbod skapar ei positiv oppleving for folk som bur, arbeider eller besøker området.

I tillegg påverkar stadskvalitetar den økonomiske aktiviteten direkte. Sentrum med høg kvalitet på offentlege rom og gang- og sykkelvegar stimulerer handel og service, medan eit mangfald av bustadar og attraktive nabolag gir stabilitet i arbeidskrafta. Gode stadskvalitetar kan også styrke merkevaren til eit område noko som kan lokke til seg nye etableringar.

Kort sagt bidreg stadskvalitetar både fysiske, sosiale og kulturelle som ein katalysator for næringsutvikling. Dermed må ein sjå på god stadskvalitet som meir enn eit trivselsspørsmål.

Frå sok i Avisa Hordaland vises det til høgre nokre utklipp kor ein kan sjå at gode stadskvalitetar på Vangen, som trivsel, atmosfære og strategisk plassering, aukar kundetilstrøyming og attraktivitet for næringslivet.

Stadlege kvalitetar har stor betydning for næringslivet, også på Voss. Her kan ein sjå tydelege døme på korleis gunstig og attraktiv plassering har verdi for etablering av næringsverksemd.

## Utvidar med ny butikk på Vangen: - Veldig gunstig plassering

Kjelde: [https://www.avisa-hordaland.no/utvidar-med-ny-butikk-pa-vangen-veldig-gunstig-plassering/s/5-132-905829?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.avisa-hordaland.no/utvidar-med-ny-butikk-pa-vangen-veldig-gunstig-plassering/s/5-132-905829?utm_source=chatgpt.com)

### Butikkopning på Vangen: - Det er ein koseleg atmosfære her



MATAUK: (f.v.) Grethe Sjøberg, Jenny Astrup Sjøtun, Ellen Astrup, Isabella Napsøy Knutsen, Jakob Astrup Sjøtun. Med på laget er også butikksjef Maria Meel Flatekvåt, som ikkje er med på dette biletet. Foto: Sander Schadenberg

Av [Sander Schadenberg](#)

Publisert: 14.06.25 17:00 [Del](#)

– Me ynskjer at dette skal verta ein tverrfagleg møteplass, fortel dagleg leiar i Matauk, Ellen Astrup.

## Historien om Voss er tett kopla til næring

Voss har utvikla seg frå eit tradisjonelt jordbruksoppdrett, der folk var sjølvhjelpe, til ein meir moderne og mangfaldig stad. Fram til midten av 1800-talet levde dei fleste av jordbruk, med avgrensa handel og busetnad hovudsakleg samla kring kyrkja på Vangen. Etter kvart auka folketalet, mellom anna fordi folk levde lenger, men næringsgrunnlaget var ikkje tilstrekkeleg til å forsørge den veksande befolkninga. Dette førte til at mange valde å utvandra til Amerika.

Eit stort vendepunkt for næringslivet kom med Vossabanen i 1883 og fullføring av Bergensbanen i 1909. Dette opna for betre vare- og persontransport, etablering av verksemder som Voss Skiferbrudd og Bulken meieri, auka turisme, skuleutvikling og militær aktivitet. Vossevangen vokser gradvis til eit sentralt bygdesentrums, men krigen i 1940 og bombinga av Vangen førte til omfattande øydeleggingar.

Frå midten av 1900-talet har Voss opplevd sterkare påverknad frå impulser utanfrå. Turisme, kultur og fritid har blitt viktige element i lokalsamfunnet, med festivalar som Vossa Jazz, Ekstremsportveko og Voss Cup som trekplaster for både nasjonale og internasjonale gjester. Samstundes har bygda halde på kulturarv og tradisjonar, noko som speglar seg i kulturen, med opprettholding av landbruk, folkemusikk og lokale mattradisjonar. Historia visar korleis næringar på Voss har prega utviklinga, og gitt Voss vekst i næringsvirksomheit og folketal.

### Jordbruk og gardsbruk



Foto: Berent Anker Carstens/  
Voss folkemuseum

1835: Utvandring til Amerika  
grunna næringsgrunnlag ikkje  
var tilstede



Foto: Voss folkemuseum

Eksport av blant anna  
skifer og meieri vart viktige  
næringsgrunnlag



Foto: Johan von der Fehr/  
Voss folkemuseum



Foto: Roy Wimmer Jaglon

I den andre halvdelen av  
1900-talet kom verda for  
alvor til Voss. Her kom fleire  
turistar, og samfunnet vart i  
større grad prega av impulsar  
utanfrå.



Foto: Widerøe/Voss folkemuseum

2. verdskrig og  
attreising av Vangen



Foto: Voss folkemuseum

Jernbanen gav etterhvert  
næringsgrunnlag for  
turisme og reiseliv

## Næringslivet på Voss

Voss har eit mangfaldig næringsliv med stor breidde. Heradet og næringslivet samarbeidar gjennom Strategisk næringsutvikling (SNU Voss) for å leggje til rette for ei best mogleg utvikling av både nærings- og samfunnsliv i regionen. Arbeidet er prega av ein heilskapleg tilnærming, der næringsutvikling vert sett i samanheng med overordna mål og satsingar for samfunnsutvikling.

Næringslivet på Voss er prega av rolla som handels-, administrasjons-, skule-, kommunikasjon-, og turistcenter. Ellers er også jordbruk og industri av stor betydning. Voss er heradet med åttande størst vasskraftproduksjon i Vestland, og er ein viktig kraftsherad på landsbasis. Voss er også ei av dei største landbruksheradene i Vestland, og er viktig for både matproduksjonen, og sysselsetting i både primærproduksjonen, leverandør- og foredlinginstrien og for samfunnet ellers (Thorsnæs et al. 2025).

Voss har eit sterkt og variert næringsliv, med særleg tyngde innan landbruk og industri, men også reiseliv, bygg og handel og sirkulærnæring. Sjølv om næringslivet i heradet er noko prega av tradisjonelle næringar (t.d. jordbruk, bygg og anlegg), ser ein at dei legg grunnlag for nye forgreiningar, til dømes at reiselivsnæringa driv fram handel, servering og byggjenæring. SNU Voss er viktig for å arbeide strategisk med nærings- og samfunnsutvikling i heradet.


### Jordbruksbedrifter (antall)

Tal jordbruksbedrifter som mottek produksjonstilskot

Kjelde: SSB

	2020	2021	2022	2023	Hele landet med Oslo
	390	384	380	387	37 561

<https://kommunebilde.statsforvalteren.no/publisert/46/4621/4d249f1e-9d53-4c86-b9be-dc36f766939e/174b1ad5-4a73-4535-a2d3-183cacb89421>



SSB: 10309: Bedrifter, etter næring (SN2007), antall ansatte, statistikkvariabel, år og region, 16.01.2025 08:00


## Flest sysselsatte innan helse

Voss herad har eit breitt og samansett arbeidsliv, med flest sysselsette innan helse- og sosialtenester. Også bygg- og anleggsverksemd, samt turistnæringa er større næringar med mange tilsette.

Pendlingstala viser at det er ein ubalanse i andel som pendlar ut og pendlar inn. Det vil seie at Voss har fleire arbeidstakarar enn arbeidsplassar, og fleire reisar ut av kommunen for arbeid.

Heradet er i ein situasjon der det er utfordrande å rekruttera tilstrekkeleg med kvalifisert personell til å utøva tenestene med same kvalitet og med den strukturen ein har i dag. Dette gjeld spesielt innan helse, omsorg, skule, barnehage og enkelte administrative område. Heradet har difor sett i gang omstillingsprosjektet Voss iPluss2027 som er eit endringsprosjekt for å gjera tenester meir berekraftig, brukar ressursane på beste vis og samtidig få ned utgiftsnivået (Voss herad, 2025).

Det er eit behov for å skapa fleire attraktive arbeidsplassar som betre dekker dei mindre representerte næringane for å betre ubalanse i arbeidstakarar og arbeidsplassar. Rekruttering og integrering er nødvendig særleg innan helse- og omsorgssektoren, for å kunne møte framtidige befolknings- og velferdsutfordringar.




## Næringslivet på Voss i tre hovuddelar

I denne analysen er det valgt å kategorisere næringslivet på Voss i tre hovuddelar

- **Landbruk** - ei stor og viktig næring for Voss på fleire områder
- **Reiseliv** - ein viktig katalysator for andre næringar som handel, bygg og anlegg og transport
- **Andre store næringsklynger** - og nye satsingsområde

Landbruket står sterkt og er ei berebjelke både for matproduksjon, sysselsetjing og meir. Reiselivet er ein vekstmotor som ikkje berre er viktig i seg sjølv, men som og er ein katalysator for andre næringar som handel, bygg og anlegg og transport. I tillegg finst det fleire større næringsområde og nye satsingsområde som spelar ei sentral rolle i den lokale verdiskapinga (Voss herad, n.d.).

Planen "Strategisk næringsutvikling i Voss herad" (SNU Voss) visar korleis heradet og næringslivet skal jobba målretta med næringsutvikling. Blant anna om korleis potensialet for nye næringsklyngar på Voss må vurderast. Planen har ein handlingsplan som gjev oversikt over tiltaka som skal prioriterast og ein reiselivsstrategi som skildrar strategiar og tiltak spesifikt retta mot reiselivsnæringa. Næringsklyngene er viktige fordi dei gjev særleg framtidige potensial for videre næringsutvikling.




Bilete henta frå: <https://voss.herad.no/tenester/naring-og-landbruk/naring/>

## Landbruk

Landbruket er ei stor og viktig næring for Voss, både når det gjeld sysselsetjing, verdiskaping, mattryggleik, kulturlandskap, naturmangfold og identitet. Voss har lange tradisjonar som landbrukskommune, og næringa har framleis djupe røter, stolte tradisjonar og ein sentral plass i næringslivet. Landbruket har også ei viktig rolle i å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur knytt til bruk av naturressursar (Voss herad, 2022, s. 14).

I den strategiske næringsutviklinga (SNU Voss) er det satt ein rekke mål innanfor landbruk og jordvern. Blant anna at landbruket i Voss herad skal ha ei verdiskaping over landsgjennomsnittet, og ein null-visjon knytt til nedbygging av jordbruksareal (Voss herad, 2022, s. 14).

Kartet til høgre viser driftssentra for landbrukseigedomar i kommunen og illustrerer at næringa er spreidd over heile Voss. Dette viser at landbruket er ein integrert del av lokalsamfunna, og at det har betydning for både busetnad og landskap i store delar av kommunen.




## Reiselivsnæring

Voss har også ei lang historie innan reiseliv, med drivande, synlege og dyktige entusiastar som har vore trekkplaster, og som har gått føre for å gjera Voss til ein attraktiv stad. Det har fått positive ringverknader for mange små og store reiselivsaktørar som i fellesskap har sett bygda på kartet. Festivalbygda Voss og skibygda Voss er godt kjende namn som er viktige for merkevara og den lokale identiteten, og som er noko Voss ønskjer å halda fram med å satsa på (Visit Voss, 2022, s.4). Reiselivet er og ein katalysator fleire større næringer på Voss slik som handel, bygg og anlegg og transport.

Nedanfor ser ein oversikt over marknadsmiksen blant dei ulike satsingsområda innanfor næring (fra reiselivsstrategi for Voss 2023-2027). Til høgre er eit kart som visar nokre av dei ulike stadane som særleg tilbyr opplevingar knytt til marknadsmiksen.

### Marknadsmiks - triangel




## Andre store næringsklynger og nye satsinger

Voss har fleire store enkeltverksemder, etablerte næringsområde og nye satsingsfelt som til saman utgjer eit robust og mangfaldig næringsliv. Vossevangen fungerer som det naturlege tyngdepunktet for næringsverksemd i både heradet og regionen, med eit breitt spekter av små og store aktørar, tett samspel mellom verksemder og gode koplingar til ulike tenester og marknader. Vangen er eit sentralt fyrtårn innan detaljhandel, plasskrevjande handel og reiseliv, og har ein viktig rolle som motor for vidare utvikling.

I tillegg finst fleire næringsområde med særleg betydning for heradet si verdiskaping, som Bjørkemoen, Myrdalen, Bavallen og Istadmyrene. Myrdalen og Bavallen er sterke reiselivsdestinasjonar med mange arbeidsplassar og høg investeringsaktivitet, medan Bjørkemoen utmerkar seg som eit senter for nye satsingar innan sirkulærøkonomi. Her finn ein fleire aktørar som arbeider innanfor sirkulære verdikjeder, og etableringa av BIR sitt biogassanlegg representerer den største enkeltinvesteringa på Voss nokon gong.

Desse funna peikar på at Voss er inne i ein periode med sterkt næringsmessig utvikling og omstilling, der både tradisjonelle og nye næringar spelar viktige roller. Samla sett viser dette at Voss har eit sterkt og differensiert næringsgrunnlag med fleire geografiske og tematiske tyngdepunkt.



## Voss har eit sterkt arbeidsmarked og stor næringsvariasjon, men har mangel på kompetanse

Voss gjer det godt på fleire område innan næringsliv og arbeidsmarknad. Særleg høgt ligg heradet når det gjeld næringsvariasjon, der ein plasserer seg som nr. 38 av 357. Dette syner at næringslivet på Voss har mange bein å stå på og er relativt robust.

Samtidig gjer Voss det svakare på område som kompetanse, privat sysselsetjing og andel arbeidsledige. Tilgang på kvalifisert arbeidskraft er avgjерande for næringslivet, ettersom ulike næringar etterspør ulik kompetanse. Eit variert arbeidsmarknadstilbod gir dessutan fleire moglegheiter for innbyggjarar og er attraktivt for både etablering av verksemder og tilflytting. Når næringslivet tenderer å etablere seg der kompetansen finst, blir sterke regionar ytterlegare forsterka.

Som nemnt innleiingsvis i kapittelet, finst det fleire faktorar som kan påverke kompetansen positivt. Her spelar mellom anna levande lokalsamfunn, kvalitetar i bebygde miljø og næringsklynger ei viktig rolle.

### Næringsliv - indikatorer

#### Næringsvariasjon

**0,943**

Plassering: 38/357

#### Inntektsnivå

**561 821**

Plassering: 134/357

#### Privat sysselsetting

**63,6%**

Plassering: 187/357

#### Kommunale kjøp av private

**9,1%**

Plassering: 123/357

#### Kompetanse: 187/357

Kjelde: NHO, kommune-NM, 2025

### Arbeidsmarked - indikatorer:

#### Sysselsettingsandel (etter bosted)

**71,2%**

Plassering: 65/357

#### Sykefravær

**5,8%**

Plassering: 128/357

#### Uføre

**9,5%**

Plassering: 56/357

#### Arbeidsledige

**1,7%**

Plassering: 161/357

## 03 Stadsidentitet og kultur


Kunnskap om stadsidentitet og kultur er avgjerande for å forstå kva som gjer ein stad attraktiv og berekraftig over tid. Kulturarv, tradisjonar, møteplassar og lokal deltaking påverkar både korleis folk opplever kvardagen sin og korleis lokalsamfunn utviklar seg. Slike faktorar er viktige for å skape tilhøyrssle, fellesskap og stoltheit, og dei kan vere like avgjerande som fysisk infrastruktur for å halde på og trekkje til seg innbyggjarar. Dei neste sidene viser sentrale trekk ved kultur og identitet på Voss.

## Stadsidentitet - ulike faktorar som gjer ein stad til ein stad

Kulturtilbod, fritidsaktivitetar og møteplassar skaper sosiale miljø og knyter menneske saman. Slik byggjer ein emosjonelle tilknytingar til ein stad. Dei formelle møteplassen slik som arbeidsplassen, skulen, barnehagen og markerer den funksjonelle tilknytinga, men kan og styrke den emosjonelle tilknytinga gjennom relasjonane som oppstår der.

Kvar stad har si eiga stemning, sitt sær preg og sine karaktertrekk. Atmosfæren, dei fysiske omgjevnadene som natur og bygde miljø, samt det sosiale livet, mogleheitene og relasjonane mellom folk, alt dette formar korleis staden blir opplevd og kva behov han kan dekkje. Dette seier noko om at staden sin identitet består både av fysiske omgjevnader samt sosiale relasjoner og aspekt. Ein stad si identitet er heller ikkje konstant. Stader har alltid vore i endring (Nordtug, 2018).

Som figuren til høgre illustrerer, består identiteten til ein stad av ei rekke ulike faktorar som saman påverkar stadsidedentitet. Dette kapitlet tek utgangspunkt i Voss sin identitet og belyser identitet frå to perspektiv: frå innsida, det vil seie korleis innbyggjarane sjølve oppfattar og formar staden, og frå utsida, gjennom staden sitt omdømme. Vidare blir identiteten konkretisert gjennom fokus på kultur og historie, som utgjer sentrale element i forståinga av Voss sin eigenart og sær preg.



Figur: Stadsidentitet består av fleire faktorar, både sosiale, fysiske og kulturelle.

Illustrasjonen er modifisert men basert på teori frå Skogheim, R., & Vestby, G. M. (2010) s.36: NIBR rapport Kulturarv og stadsidentitet - Kulturarvens betydning for identitetsbygging, profilering og næringsutvikling.

## Voss sin identitet sett utanfrå

Voss sin identitet sett utanfrå er sterkt knytt til natur og aktivitet. Stadnamnet er ofte assosiert med den vakre naturen, ekstreme opplevingar og sportsdestinasjonar som mellom anna adrenalinaktivitetar, ekstremsport og ekstremsportveko, vinteridrett, rafting i elvane, ski i fjella, og gondol, jazz og mykje meir.

Samla sett skapar det eit bilet av Voss som ein stad for friluftsliv, naturopplevingar, sport og aktivitet, noko som gir kommunen ei tydeleg positiv stadsbilete.

Den sterke, positive identiteten, kombinert med fråver av negative stadbilete, styrker både kommunens attraktivitet og opplevinga av lokal stoltheit og engasjement blant innbyggjarane. Dette gjev eit positivt grunnlag for markedsføring av kommunen.



Kjelde: <https://www.fjordnorway.com/no/destinasjoner/voss>



Kjelde: <https://www.visitvoss.no/skisenter-paa-voss>



Kjelde: <https://www.visitnorway.no/reisemål/vestlandet/voss/>



Kjelde: <https://www.friflyt.no/skisteder/voss/voss-resort-fjellheiser>



Kjelde: <https://www.visitvoss.no/vossavert>



Kjelde: <https://www.norwaysbest.com/no/flam/aktiviteter/rafting-pa-voss>

.. men Voss er så mykje meir!

Når ein ser på korleis innbyggjarane sjølve omtalar Voss, kjem det fram fleire nyanser og perspektiv på staden sin identitet. Ordsuka til høgre viser dei mest brukte orda frå innbyggarundersøkinga om korleis ein vil omtale Voss.

Natur og ekstrem sport står fram som sentrale elementer også her. Samstundes framhevar innbyggjarane staden som både flott, vakker og god, men peikar også på visse utfordringar, til dømes høgt prisnivå og utilgjengelegheit i enkelte område. I tillegg legg innbyggjarane vekt på bygdekultur, tryggleik, inkluderande miljø, aktivitetar og sosialt fellesskap.

Samanlikna med korleis Voss blir oppfatta utanfrå, er det tydeleg at innbyggjarane vektlegg sosial samanheng og lokal kultur i tillegg til natur og aktivitet. Utenfrå vert Voss først og fremst oppfatta som ein natur- og sportdestinasjon, medan innbyggjarane sjølve ser kommunen som ein stad der både natur, aktivitet, kultur og fellesskap er sentrale dimensjonar. Dette viser at den lokale identiteten har ei breiare og meir samansett forståing enn det eksterne stadsbilete gir uttrykk for.

At innbyggjarar også opplev Voss som ei positiv stad med eit brett og attraktivt lokalmiljø, bidreg til å styrke Voss sin attraktivitet. Det er tydeleg at naturen er- og spelar ein viktig rolle for Voss sin identitet både utanfrå og innanfrå.



## Voss er rik på kultur, og dette utgjer ein viktig del av identiteten

Kommunedelplanen for kulturminne, kulturmiljø og landskap i Voss herad peikar på korleis kulturen er ein berebjelke i identiteten til bygda. Voss har ein kulturpuls som få andre kan måla seg med, og eit rikt mangfald av både materielle og immaterielle kulturminne.

Frå kulturmiljøplanen side 7 står det blant anna:  
*Kulturmiljø er grunnlag for identitet vår, og er med på å gjera ein stad eller ein by interessant. Å ta vare på særpreget og utvikla det vidare i respekt for verdiane dei representerer, er viktig for å kunna ta vare på og styrka identiteten til ein stad.*

Voss var i 2025 nominert til årets kulturkommune av Noku, kor ein av begrunnelsene var følgjende:  
*Voss skil seg ut med eit heilskapleg og framtidsretta perspektiv på kulturarbeid, der kulturopplevelingar, natur og ekstremsport spelar saman som viktige element. Samstundes som dei sterke kulturtradisjonane vert tekne vare på, syner heradet evne og vilje til å tenkja nytt og kreativt om kulturutvikling i lokalsamfunnet (Noku, 2025).*

Dette synleggjør korleis Voss har klart å videreføra tradisjonar og samstundes nytt kultur som eit aktivt verkemiddel i nærings- og samfunnsutviklinga. Slik har kulturen vorte ein sentral berebjelke for Voss.




Bilete: Voss herad - Kulturmiljøplan 2022-2032, og Visitvoss.no

## Kvar stad har sin eige unike identitet, samstundes som fleire faktorar gjentar seg i heile heradet

Kartet viser ein oppsummering av kva respondentane frå undersøkinga meinar er det beste med å bu der dei bur. Det er fleire faktorar som går igjen i heile heradet og danner grunnlaget for trivsel og tilhøyrigheit. Natur er ein gjennomgående faktor kor fjell, vatn, fjord og grøne område pregar alle bygdene og gir moglegheiter for friluftsliv, aktivitet og ro. Gode oppvekstvilkår er også sentralt, med barnehage og skule som viktige møteplassar for barn og familiar. Fellesskap og sosialt miljø går igjen, gjennom dugnader, idrettslag, arrangement og naboskap som styrkar inkludering og engasjement. Vidare er tryggleik og inkluderande miljø eit gjennomgående tema.

Mange av dei viktigste kvalitetane på dei ulike stadane handler i liten grad om tilboda som finst der, men kor det sosiale limet spel ei større rolle.

Til samanlikning frå mange andre stadar spelar dei sosiale kvalitetane ein like stor, om ikkje større rolle enn dei fysiske. At dei sosiale kvalitetane er minst like viktige som dei fysiske, viser at trivsel, fellesskap og inkludering er avgjerande for lokalsamfunnet og fungerar som eit lim på dei ulike stadene i heradet.



## 04 Sosiale verdiar

Kunnskap om sosiale verdiar er avgjerande for å byggja sterke fellesskap og leggja til rette for livskvalitet, inkludering og deltaking i lokalsamfunnet. Faktorar som frivillig engasjement, kultur- og idrettsaktivitetar, møteplassar og grad av tillit påverkar korleis folk trivst, samarbeider og utviklar nye initiativ. Dei neste sidene viser overordna analysar av dei sosiale verdiane i heradet.

## Sosial verdiskaping - limet som bind alt saman

Vi menneske søker fellesskap. Vi kjenner oss heime i gata vår, på skulen, i bygda og i regionen vi bur i. Når innbyggjarane får vere med og forme utviklinga, veks det fram tillit - mellom naboar, og mellom innbyggjarane og aktørar som kommunen.

Slik blir grunnlaget lagt for ei sterkare kjensle av fellesskap og eit «vi» som alle kan kjenne seg som ein del av. Dette er eitt av kjenneteikna på velfungerande lokalsamfunn. Når utfordringane kjem, er det nettopp denne fellesskapskjensla som gjer oss meir robuste. Kjensla av å høyre til kan også føre til at ein blir buande lenger (Distriktsenteret, 2017).

Voss er eit godt døme på korleis sosial verdiskaping kan fungere i praksis. Her ser ein mange konkrete eksempel på fellesskap som veks fram gjennom både arrangement, aktivitetar og fysiske bygde omgjevnader. Frå idrettslag og kulturtilbod til festivalar, dugnader og lokale møteplassar. Mykje av dette er bygd opp gjennom frivillig engasjement og lokalt initiativ. Denne kulturen for dugnadsånd styrkar både tilliten mellom innbyggjarane og kjensla av tilhørighet.

Sosial verdiskaping på Voss handlar altså ikkje berre om dugnaden i seg sjølv, men om korleis innbyggjarane saman skapar og tar vare på noko sjølv. Dette gjer lokalsamfunna meir robuste og motstandsdyktige når utfordringar oppstår, samtidig som det fremtar engasjement og livskvalitet.

# Voss er gode på dugnad!

**Her skaper dei ny møteplass**



## **Små og store i godt samarbeid for å gjera klart til sesongstart: - Fantastisk samhald**



## Dugnadsånda som byggjer fellesskap



## **Ordføraren rørt av dugnadsinnsatsen: - Her må vossabygda vera heilt spesiell**



**Oddvar (21) er oppvaksen med  
dugnadsarbeid. – Dette er min  
andre heim**

Oddvar Himle (21) var berre to år fyrste gong han sat i trakkemaskina i Voss  
ski- og turseiter. No har han jobba tallause dugnadstimar.

## **Turneringsleiar Finbråten: - Eg vert heilt sett ut av korleis folk stiller opp**



**Her er A-laget i dognadsarbeid  
samla for å bli sett pris på: - Det er  
så meiningsfylt!**



An aerial photograph showing a parking area with several cars and a small, single-story building with a gabled roof and a sign that reads "Fjordland". The building appears to be a guesthouse or a small hotel. The surrounding area includes some greenery and other buildings in the background.

Eit lite stykke Evanger – bygd i fellesskap

Ei vekes tid har det vore reine mautua i Evanger sentrum. Over hundre personar har vore med for å gjera Evanger til ein betre stad å vera.

Kjelde: Distriktsenteret. (2017). Gode argumenter for innbyggerinvolvering  
Henta frå: <https://distriktscenteret.no/eksempel/hvorfor-innbyggerinvolvering/#target-3>

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur


## Sosial infrastruktur og verksemder

Kvar ein lokaliserer ulike funksjonar og tilbod påverkar både transportbehov, klimautslepp, naturinngrep, tilgang og næringsutvikling. Mangfold i arbeidsplassar, bustadar, kultur-, vare-, service- og tenestetilbod gir robustheit og attraktivitet.

Heradet har elleve grunnskular i 2025 og 1973 registrerte elevar. Elevtalet varierer mellom skulane, der Evanger skule har 54 elevar og Voss ungdomsskule har 562 elevar inneverande skuleår.

Dei sorte prikkane indikerer konsentrasjon av verksemder basert på data fra SSB.

Det finst eit spreidd tilbod av idretts- og fritidsaktivitetar i heradet, både nær bustader og samla kring dei mest folkerike områda. Nærleik til slike tilbod verkar positivt inn på oppvekstvilkår og mogleheter for unge. Samstundes krev kvalitet og kontinuitet ein viss kritisk masse, noko som gjer at tilbod og fasilitetar ofte blir noko svakare og meir spreidde lengre ute i grendene. Granvin skil seg ut ved å ha eit meir samla og heilskapleg tilbod enn mange av dei andre grendene.




## Grendene i heradet opplevast som tryggare, meir inkluderande og har eit sterkare fellesskap

Når det gjeld oppleving av ulike stadskvalitetar, viser innbyggjarundersøkinga at den største utfordringa er tilgangen til aktivitetar og tilbod for folk i alle aldrer. Dette er ei kjend problemstilling blant herad med tilsvarende geografiske kjenneteikn, og gjeld naturleg nok særleg for dei som bur utanfor kommunesenteret.



Det er elles ikkje store negative utslag på vurderingane når ein samanliknar dei som bur på Vossevangen med dei som bur utanfor. Resultata syner derimot større positive utslag blant dei som bur ute i grendene, som generelt rapporterer høgare oppleving av tryggleik, barnevennlegeheit, inkludering og sosiale fellesskap samanlikna med dei som bur i Vossevangen. Dette peikar på at mange av dei sosiale bu- og stadskvalitetane verkar sterkare i grendene.

Resultata frå undersøkinga forsterkar funna om at dei sosiale kvalitetane fungerer som eit lim i dei mindre grendene i heradet. Dette er viktige faktorar som tydeleg spelar ei stor rolle for trivsel og fellesskapskjensle.

### Hvor enig er du i følgende påstander om staden du bur:



### Forskjeller i heradet:



## Omlag ein av fem ønskjer å bytta bustad i løpet av dei neste ti åra


Data frå undersøkinga kan gje nokre peikepinnar på kva bebruarane i heradet ser for seg når det gjeld temaet flytting.

Blant dei som har planar, eller som kanskje ønskjer å flytte internt i heradet, ser vi tendensar til at ein anten ønskjer å flytte eller bytte bustad der ein bur i dag, eller at ein ønskjer seg til Vossevangen.


Merk: det er lite data å basere seg på når ein begynner å sortere på bustad i dag og alder. Det er ein liten tendens til at dei eldre trekkjer meir mot Vossevangen, medan dei yngre verkar meir opne for å busette seg andre stader. Dette kan henge saman med økonomi, sidan fleire påpeikar at det er dyrt å bu på Vangen.

Undersøkinga viser at mange som vil flytte internt på Voss, ser til Vossevangen. Dette kan skapa press på bustader, infrastruktur og tenester, og peikar på behovet for å utvikle attraktive tilbod og utanfor sentrum. Samstundes er det positivt at flytteønsket er retta mot Vangen framfor å flytte ut av kommunen, noko som viser at Voss opplevast som attraktivt.

Ser du for deg eller ønskjer å flytta eller bytta bustad i løpet av dei neste ti åra?



Ønskjer du å flytta internt i Voss?




Kvar i kommunen kunne du tenkje deg å bu?

Kvar i kommunen kunne du tenkje deg å bu?

82% av de som bur på Vossevangen og som ønsker eller kanskje ønskjer å flytte innetter i kommunen ønsker å busette seg på Vossevangen. (N=17)

Blant dei som ikkje bur på Vossevangen i dag ser fordelinga slik ut:



Kvífor ynkjer du å flytta?

Utdrag av nokre kommentarar:

*Viss ein vil bu i myrkaldalen kan det vere utfordrande å få seg ei tomt å bygge på. 30-39 år*

Ønskjer å bygge hus, 20-29 år

*Einaste barnefamilie i gata.*

*Vossevangen er blitt Norges største Aldersheim. - 50-59 år*

*Huset vårt er ikkje egna til å bli gammal i. 60-69 år*

## 05 Kvardagslivet

Kunnskap om kvardagslivet er avgjерande for å forstå korleis folk brukar lokalsamfunnet, og kva som skapar trivsel, tryggleik og gode bu- og oppvekstvilkår. Tilgang til møteplassar, nærmiljøkvalitetar, transportløysingar og høve til å kombinera arbeid, fritid og familieliv påverkar kvardagen til innbyggjarane. Dei neste sidene viser overordna analysar av kvardagslivet i heradet.

## Viktige faktorar for kvardagslivet

Hensikta med ein senterstruktur er å sikre strategisk plassering av tilbod og fasilitetar i heradet, noko som er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling og for å sikre eit best mogleg tilbod for alle noverande og kommande innbyggjarar.

Ein robust og forankra senterstruktur vil kunne bidra til lokalisering av kvardagstilbod slik at ein størst mogleg del av befolkninga i heradet kan gjøre sine innkjøp, daglege gjeremål og gå på skule i eige nærmiljø, og dermed redusere behovet for lang transport.

Kvardagslivet består av det heilskaplege nettverket av heim, arbeid, skule, service og fritidstilbod sett i samanheng. Det handlar om korleis ein organiserer heradet slik at ein får eit hierarki i tilbod og funksjonar som utfyller tenestebehovet.

Ein «operativ» senterstruktur vil gje forutsigbarhet for innbyggjarar og bygdene og følgje opp visjonen til heradet om at «me skal vera eit sterkt regionsenter med levande grender».




Illustrasjon er henta frå: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2016). Byrom - en idehåndbok (s. 31)  
Modifisert av LÉVA Urban Design.

## Dekning av kvardagsfunksjonar i heradet

Kartet viser at dekningen av kvardagsfunksjoner varierer betydelig mellom ulike delar av Voss herad. Vossevangen har eit brent spekter og er eit naturleg tyngdepunkt i heradet. Fleire stader har også ein god dekning slik som Skulestadmoen og Granvin som har både fritidsaktivitetar, kulturtilbod, daglegvarebutikk, barnehagar og skular. Dette gir eit robust grunnlag for kvardagslivet, der innbyggjarane kan dekke dei fleste daglegdagse behov innan korte avstandar. For andre stader, som Kyte, Bordalen og Bolstad, er dekninga langt svakare, noko som gjer at folk må reise ut av grenden for å få tilgang til desse funksjonane.

For kommunen samla sett betyr dette at kvardagslivet vert ulikt avhengig av bustad. Dei som bur i sentrumsnære område, kan i større grad kombinere transportmåtar som sykkel, gange og kollektiv, og har med det tilgjenge til å delta aktivt i kultur- og fritidsliv utan for lange reiser. Dei som bur i grender med færre tilbod, er i høgare grad avhengige av bil, og kvardagen kan opplevast meir sårbar.

Nokre område i kommunen er godt dekkja med kvardagslege tilbod, og fungerer difor godt for innbyggjarane når dei skal utføre daglege gjeremål. Dette seier noko om funksjonaliteten til kvart sted, og påverkar kor attraktive områda er å bu i. I område med få tilbod kan det vere utfordrande å få kvardagen til å fungere, særleg for dei som ikkje har gode tilkoplingar til stader med fleire tenester.




## Mobilitet i heradet

Gode levekår og livskvalitet heng saman med tilgang til arbeidsplassar, skule, barnehage, fritidsaktivitetar og mobilitetsevne/-tilbod. Tilgangen til funksjonane som finst i kommunesenteret viktig for folk og ein bør leggje til rette for at dei som har vanskar med å koma seg dit, får dekka nødvendige kvardagsfunksjonar i eit grendasenter. Samstundes stiller regionale og nasjonale retningslinjer krav om å leggje til rette for at fleire skal gå, sykle og reise kollektivt. Avstanden og tilgjengelegeita til Vossevangen er difor ein viktig parameter i vurderinga av ny senterstruktur.

Offentlig transport og mobilitet er viktig for brei deltaking i samfunnet, spesielt eldre og unge som ikkje har tilgang til bil. Det er fleire grender rundt Vossevangen som har kort reiseveg til sentrum. Samstundes ser ein at grendene og sentra vest i kommunen har relativt kort reiseveg med tog. Strekninga R40 går berre ein gong i timen inn til Vossevangen, så sjølv om reisetida er kort, er ikkje sentrum like tilgjengeleg for desse som for dei som har kort reisetid med til dømes sykkel.


Ein annan viktig faktor er at kollektivtilbodet ofte er knytt til skuleruter og difor ikkje dekkjer behovet for arbeids- og fritidsreiser. Dette skaper utfordringar fleire stader, der ein ikkje kan reise kollektivt til arbeid og vert avhengig av bil både til arbeid og fritid.



## Mobilitet er den største utfordringa for kvardagslivet

Resultata i undersøkinga peikar på at offentleg transport og gang- og sykkelvegar er dei faktorane folk i størst grad ikkje er nøgd med der dei bur. Offentleg transport blir særleg trekt fram av dei som bur utanfor Vossevangen, der opp mot 60 % peikar på dette som ei utfordring. Lange avstandar mellom aktivitetar og tilbod kan vere ei stor utfordring for barn og unge. Når skule, fritidsaktivitetar og møteplassar ligg langt frå kvarandre, er ein avhengig av bil.

For enkelte stader i heradet er det utfordrande å kome seg rundt med kollektivtransport, og dei interne koplingane til og frå kvar stad er ein sentral utfordring. Mange peikar på manglande eller utfordrande gang- og sykkelvegar, og det er difor viktig å sikre gode interne koplingar på stadene gjennom aktiv mobilitet, som snarvegar, stiar, gangfelt og trygge overgangar. God intern mobilitet kan i stor grad betre tilgangen til kvardagsfunksjonar og tenester i fleire av grendane.




Illustrasjon er henta frå: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2016). Byrom - en idehåndbok (s. 30), Modifisert av LÉVA Urban Design.

## Er det nokon faktorar ved staden du ikkje er nøgd med? Flerval mogleg


Er de noe du savner med ditt nærmiljø?

ALLE (N= 270)




### Forskjeller i Heradet

De på Vossevangen (N=65)



De som ikke bur på Vossevangen (154)



Data er henta frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur

S.45

# UTFORDRINGAR & MOGLEGHEITAR

## Utfordringsbilete og moglegheitsrom


For å få ei heilskapleg forståing av utfordringsbiletet og moglegheitsrommet knytt til senterstrukturen i Voss herad, er det avgjerande å sjå nærmere på både dei særskjelde utfordringane og dei unike moglegheitene som finst på dei ulike stadene. Mindre stader og grender er prioritert i arbeidet, og difor er ikkje Vossevangen med.

I denne delen vert det derfor lagt særleg vekt på å identifisera styrkar og svakheiter samt potensial og fortrinn på dei ulike stadane. Ved å forstå kvar stad sitt utgangspunkt med omsyn som til dømes lokalisering, tilgjenge, næringsgrunnlag, tenestetilbod og identitet kan ein betre vurdere kva rolle dei ulike stadene kan spela i ei framtidig utvikling av heile heradet.

Dei neste sidene i dokumentet tar for seg dei fleste litt større grendene i Voss herad. Oppsummeringa baserer seg på:

- Verkstad og kartlegging saman med tilsette i kommunen og politikarar
- Resultater fra den digitale undersøkinga
- Skrivebordsanalysar, feltregistreringer og synfaring

Innleiingsvis i prosessen, under arbeidet med innsiktkartlegginga, vart det henta inn kunnskap frå Bolstad, Evanger, Bulken, Vossevangen, Skulestadmoen, Kyte, Palmafossen, Bjørgum, Bordalen, Granvin, Vossestrand og Myrkdal. Kartlegginga syntet at også Sundve, Vinje, Oppheim og Haugsvik burde skiljast ut som eigne område, og at Raundalen burde inkluderast som ein stad. Det er difor i analysen noko meir data frå dei førstnemnde stadane.



## Overordna fellestrekk som gjev ulike føresetnader, moglegheiter og utfordringar

Det finst nokre fellestrekk mellom dei ulike stadene og grendene i kommunen. Overordna kan dei delast inn i tre hovudkategoriar: bilbaserte funksjonelle område, urbane fritidsdestinasjonar og autentiske smågrender.

Bilbaserte funksjonelle område omfattar særleg Palmafossen, Skulestadmoen og i mindre skala også Vinje. Desse stadene er i stor grad tilrettelagde for bilbruk, med mangel på menneskevennlege materiale, flater og avstandar. Dei fungerer praktisk, men framstår lite inviterande og menneskevennlege, og manglar gode omgivelser og møteplasser. Slike strukturar er krevjande å endre.

Autentiske smågrender utgjer den største delen av dei andre grendene, til dømes Evanger, Bolstad, Granvin og Oppheim. Desse har gjerne gode bygningsmiljø, ofte med rik kulturhistorie og små, intime gredesenter. Samstundes er folketalet lågt, og i fleire område er busetnaden noko spreidd. Dette gjer stadene ofte sårbare og mindre attraktive for investeringar og utvikling.

Urbane fritidsdestinasjonar er ein eigen kategori, representert av Myrkdalen. Staden leverer i stor grad service og opplevingar, er en tydelig destinasjon for ski- og vinteraktiviteteter. Samstundes manglar staden kvardagfunksjonar og tydelege koplingar til lokalsamfunnet.

### Bilbaserte funksjonelle område

*Palmafossen, Skulestadmoen  
Vinje*

Kan levere funksjonalitet, men manglar menneskevennleg struktur – krevjande å endre

- Bilbaserte område
- Ikke menneskevennleg struktur



### Urban fritidsdestinasjon

*Myrkdalen*

Kan levere på service og opplevingar som er nye, men manglar kvardagsliv og lokal kopling

- Urbant, nytt
- Service og opplevingar



### Autentiske små grender

*Evanger, Bolstad, Granvin, Oppheim, Bulken, Sundve*

Kan levere fysisk kvalitet og kulturhistorie, men lite folk, sårbart og mangel på investeringslyst

- Rik på kulturhistorie
- Små gredesenter
- Gode bygningsmiljøer

## Strukturering av heradet

I gjennomgangen av analyse- og innsiktsgrunnlaget kjem det fram nokre funn som er særleg relevante for struktureringen av dei ulike stadene i heradet. Nedanfor blir desse hovudstrukturane presenterte, før ein i dei neste kapitla går nærmare inn på dei einskilde stadene, og avslutningsvis peikar på nokre anbefalinger kring strukturane.

### Tre hovudaksar

Analysen peikar på tre sentrale aksar som har særleg vekt når det gjeld blant anna infrastruktur, mobilitet, bustadtettleik og folketettleik. Desse er:

- **Vestlig akse** (Bolstad, Evanger og Bulken)
- **Sørlig akse** (Granvin og Bjørgum)
- **Nordlig akse** (Vossestrand med Sundve, Vinje, Oppheim og Haugsvik, samt Myrdalen)


Dese aksane er viktige fordi dei bind fleire grender saman og koplar dei til regions- og kommunesenteret Vossevangen.

### Omland til Vossevangen

Tettstadene Skulestadmoen og Palmafossen skil seg ut som omland til Vossevangen. Dette er grunna deira tette kopling til Vossevangen, samt storleik og funksjon når det gjeld folketal, tilbod og tenester. Dei blir difor ikkje definerte som grender innad i aksane.

### Grender utanfor aksane

Grender utanfor aksane er dei grendene som ligg noko fråkopla frå hovudaksane. Dette gjeld mellom anna Bordalen, Kyte og Haugsvik. Raundalen kan og reknast med her, men skil seg frå dei andre ved å vera om lag to mil lang, med spreidd busetnad og få fastbuande.



# Omland til Vossevangen

## Skulestadmoen og Palmafossen

Skulestadmoen og Palmafossen skil seg tydeleg frå dei øvrige grendene i Voss herad. Dei har eit høgare folketal, eit breiare spekter av tilbod og tenester, arbeidsplassar, samt skular og servicetilbod. Desse tettstadene har gode koplingar til Vossevangen. Skulestadmoen og Palmafossen fungerer difor som naturlege omlandsområde og komplement til regionsenteret. Dei bidreg til å styrke Vossevangen sin funksjon som hovudsete i heradet, samstundes som dei avlastar og supplerer regionsenteret med bustadområde, tenester og arbeidsplassar.



# Skulestadmoen

Bilete: Google Earth

# Skulestadmoen

LÉVA URBAN DESIGN



Skulestadmoen er eit større bu- og tenesteområde i Voss med bustader, handel og tenester i kombinasjon, og med nærliek til både natur og idrettsanlegg. Området har god tilkomst til barneskule, vidaregåande skule, barnehage, matbutikk og idrettsarenaer, noko som gjer staden særleg attraktiv for familiar. Gode gang- og sykkelvegar internt og mot sentrum, saman med lågare bustadprisar enn i Vossevangen, gir eit solid grunnlag for vidare busetjing og vekst. I tillegg har området rike naturkvalitetar med elv, friluftsområde, ski, og Bavallen hytteområde og alpinanlegg.

Ein styrke er eit relativt samla sentrum der skule, barnehage, matbutikk, fotballbane, tenester og bustader ligg tett. Samstundes er sentrum sterkt prega av bilbruk, store parkeringsareal, asfaltflater og ein «big box»-struktur der butikkar, næring og trafikk er tett integrert utan god tilrettelegging for opphold eller mjuke trafikantar. Hovudvegen deler og sentrum fra bustadområda, men det finst likevel ei rekke koplingar mellom bustadområde og næringsområde.

**Beskriv staden  
med tre stikkord  
(dei som bur her):**

fin post  
turområde lite støy  
trygg barnehage landleg butikkar  
gode bussforbindelse godt butikkutval  
litt usentralt sentrumsnært roleg  
sentrumsnært heilt greitt vakert  
hyggelig fredeleg rolig  
nært det meste nært vangen butikk  
nært for vind skjerma for vind nærliek vangen  
gang/sykkelveg natur ekstremsport  
flott dårleg offentleg trygt  
skule god beliggenhet bra butikker folk  
triveleg



Ordskena er basert på data frå innbyggjarundersøkinga og synet orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

## Potensial og fortrinn



**Sentrumstruktur:** butikkar, fritidstilbod, tenestar, bustadar, skule og barnehage er samla i kort avstand til kvarandre, innanfor 1 km radius.

**Handel og næring:** butikkområde med matbutikkar og annen handel i senter, samt turisme knytt til hyttefelt og alpinanlegg.

**Mobilitet:** gode sykkel- og gangforbindelsar internt og mot Vossevangen.

**Familieliv:** har barnehage, skule og videregåande skule tett på bustader.

**Natur:** viktig verdsett kvalitet i området.

## Svakheter og utfordringar



**Sentrumstruktur:** har eit nokså samla sentrum, men manglar eit tydeleg samlingspunkt (torg, møteplass eller fellesareal), mykje grå flater og parkeringsareal gjer det mindre attraktivt for trivsel, opphold og mjuke trafikanter.

**Flaumfare:** flaumfare og låg grunn i delar av området avgrensar utbyggingspotensialet og krev god klimatilpassing.

**Identitet:** manglar ein tydeleg lokal identitet, få fellesskapsfremjande møteplassar.

Skulestadmoen ligg tett på Vossevangen og er i dag eit funksjonelt bu- og tenesteområde med skule, barnehage, butikkar, vidaregåande skule og idrettsanlegg. God infrastruktur, tenestetilbod og nærliek til friluftsområde gjer staden attraktiv, særleg for familiar. Samstundes er området prega av biltrafikk, store asfaltflater og manglande møteplassar. Ei rekke funksjonar er samla i sentrum, men hovudvegen deler området i to, og det manglar ein tydeleg, heilskapleg identitet. Flaumfare og dårleg tilrettelegging for mjuke trafikkantar utgjer og utfordringar. Skulestadmoen har behov for betre kopling mellom bustad, fritid og handel, og for tilrettelegging av grøne, meir menneskevennlege område, dersom staden skal bli meir attraktiv og inviterande for fastbuande.



# Palmafossen

LÉVA URBAN DESIGN




Palmafossen ligg like aust for Vossevangen, og fungerer i dag som eit bustad- og tenesteområde. Her finn ein barneskule, barnehage, matbutikk og idrettsanlegg, og området ligg tett på det store friluftsområdet Bømoen. Palmafossen har nærliek til Vossevangen og naturområde, og rommar ei blanding av bustader, næring og tenester.

Samtidig har området fleire utfordringar. Funksjonane er i høg grad bilbaserte, samt spreidde og lite knytte saman, noko som gjer at området framstår som fragmentert og utan ei tydeleg kjerne eller identitet. Trafikken og elva er ei stor barriere då området er dominert av biltrafikk, med farlege kryss og dårlig tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det blir og peikt på at det manglar gang- og sykkelvegar fleire stader.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

landleg  
tilbod nærnatur tilbud  
busser nært vangen fin plass  
**skule butikker** sentralt  
**gode turmuligheter**  
trygt fint å bu nært  
nærhet alt sentrumsnært bømoen  
landlig trygg bra  
jordbruks



Ordsken er basert på data fra innbyggjerundersøkinga og synet orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Sentrumsfunksjonar:** har allereie ein miks av bustad, skule, barnehage og næring som gir eit godt grunnlag. Ligg og sentralt til Vossevangen og nærleik til Bømoen som gjer det attraktivt.

**Sentralitet:** ligg strategisk til, og betre kollektiv- og sykkeltilbod kan styrke området og binde det betre saman med Vossevangen.

**Familieliv:** har skule og barnehage, samt fritidstilbod og nærliek til friluftsområder.

**Natur og rekreasjon:** nærheten til Bømoen gir gode rekreasjonsmuligheter.

**Mobilitet og infrastruktur:** bilbasert struktur, farlege kryss og manglende samanheng for mjuke trafikantar internt og mot sentrum.

**Sentrumstruktur:** manglar ein tydeleg kjerne eller møteplass som samlar funksjonane og gir identitet. Store grå fragmenterte areal og spreidd struktur gjer det lite inviterande.

**Familieliv:** barnehage som ligg tett på næring og trafikkområder. Næringsdominerte områder kan gjere det mindre attraktivt å opphalde seg for barnefamilier.

Palmafossen er i dag eit funksjonelt, men fragmentert område aust for Vossevangen, med bustader, skule, barnehage, næring og handel samla langs Rv13. Nærleiken til Bømoen gir gode mogleheter for friluftsliv, men dette er delvis i konflikt med utbyggingspresset i området. Området har ein stor skule som allereie har sprengt kapasitet, noko som synleggjer behovet for planmessig utvikling. Potensialet for vidare vekst er tydeleg, og nærliken til Vossevangen gjer Palmafossen til eit viktig vekstområde dersom infrastrukturen vert styrkt. Dette krev ei heilskapleg områdeplan som legg til rette for fortetting og betre samanheng mellom bustad, tenester og arbeidsplassar.

# Vestlig akse

## Bolstad, Evanger og Bulken

Grendane i vestlige aksen har fleire fellestrek. Jernbanelinja skaper gode forbindelsar både til regionsenteret Vossevangen og vidare ut av regionen mot Bergen. Dette legg grunnlag for mobilitet, pendling og tilgang til tenester og arbeidsmarknader. I tillegg finst det historisk bebyggelse og kulturmiljø som bidreg til grendene sin identitet.

# Bolstad



Bilete: LÉVA Urban Design


Bolstad er ei lita grend i ytterkanten i den vestlige delen av heradet. Staden har stopp på Bergensbanen, noko som gir innbyggjarane gode kollektivmoglegheiter både til Vossevangen og Bergen.

Bygda har eit aktivt og engasjert grend og ein sterk dugnadsånd. Samtidig er Bolstad ein utkant i Voss-samanheng, og avstanden til Vossevangen kan vere ei utfordring. Folketalet har gått ned sidan 2010, og det er få arbeidsplassar lokalt. Ein god del tom bygningsmasse står også ubrukt, og det manglar eit tydeleg sentrum og tilbod.

Likevel ligg det eit stort potensial i framtidig samferdsleutvikling, særleg knytt til K5-prosjektet, som kan gje Bolstad ei sterkare rolle. Sentrum har og eit potensial gjennom det historiske bebygde miljøet og si strategiske plassering nær togstasjonen.

#### Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):

lite  
bygd  
vennlig  
pensionistar  
koselige  
tomt samla  
fint landlig



## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Mobilitet:** kopling til jernbanen og difor gode forbindelsar til blant anna Vossevangen og Bergen, enda betre ved etablering av K5.

**Lokalsamfunn:** sterkt bygdesamfunn med engasjert grendalag og god dugnadsånd gir grobotn for lokale initiativ.

**Fysiske kvaliteter:** gode fysiske kvaliteter både kopla til naturen, men også i bebyggelsen.

**Bustad:** fleire ferdigregulerte bustadomter. Snarveger og betre koplingar internt kan bedre tilgjenge til togstasjonen og "sentrum".

**Næring og arbeidsplassar:** lite næringsgrunnlag og få lokale arbeidsplassar gjer staden avhengig av pendling.

**Sentrum:** ingen butikkar eller tenestetilbod.

**Familieliv:** ingen skule, og få/ingen fritidstilbod, for nokre kan det vere lange avstander mellom bustad og tog.

Bolstad er i dag ei lita gren med eit engasjert grendalag og sterk dugnadsånd. Den vakre plasseringa mellom fjord og fjell, kombinert med togstasjon og gode kollektivmøglegheiter, utgjer sentrale kvalitetar. Samstundes manglar Bolstad eit klart definert sentrum, og det finst verken butikkar eller andre tenester. Bolstad har likevel eit sentrum i form av møteplasser med ungdomshus, Brisken og bedehuset som viktige møteplassar for innbyggjarane. Fleire av boligane ligg innafor 1 km radius, men topografi gjer at avstanden oppleves lengre. Snarvegar og betre koplingar kan bidra til å redusere avstanden til sentrum og togstasjonen. Området har få lokale arbeidsplassar, og dei fleste er avhengige av pendling. For barnefamiliar er tilbodet av skule og fritidsaktivitetar avgrensa, med lang avstand til nærmeste tilbod. Bolstad har likevel tydelig potensial. Betre samordning av bustadutvikling og styrking av interne forbindelsar, til dømes snarvegar mot sentrum og togstasjon, kan forsterke koplingane innad i grenden og gjøre sentrum til ein meir naturleg møteplass for innbyggjarane.



Bilete: Wikipedia

# Evanger

LÉVA URBAN DESIGN




Evanger er ei lita grend vest i heradet. Staden har flotte naturområde, og består av fleire gamle trehus. Med jernbanestasjonen ligg Evanger godt til rette for pendling både til Vossevangen og vidare til Bergen. Evanger har ein sterk identitet knytt til lokal matproduksjon, mellom anna gjennom Gilde si verksemd, som vart nedlagt etter flaumen i 2019.

Evanger har ein tydeleg sentrumsstruktur, med nokre få tilbod og funksjonar slik som kafé, landhandlari, kyrkje og skule.

Samstundes står Evanger overfor store utfordringar knytt til flaum, dyrka mark og skredfare. Heile sentrum ligg innanfor flaumsoner, noko som gjer bustadutvikling og infrastruktur krevjande.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

kjedelig  
levende bygd  
godt å ha barnehage  
og barneskule  
**rolig**



Ordskyen er basert på data frå innbyggjarundersøkinga og syner orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur

## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Senterstruktur:** intimt og lite sentrum med daglegvare og kafé, kopling til jernbanen.

**Familieliv:** har skule og barnehage. Har nærliek til togstasjon som gjev moglegheit for pendling til arbeid.

**Mobilitet:** jernbanen gir god kopling til Vossevangen.

**Lokalsamfunn:** har eit sterkt lokalsamfunn, ildsjeler og dugnadsånd, som gir gode forutsetningar for aktive møteplassar.

**Flaum, skred og dyrka mark:** svært utsett for flaum, ligg også i faresone for skred og større område ligg i dyrka mark som begrenser mulighetene for vidare utvikling.

**Familieliv:** mangler aktivitetstilbod for born og unge, flaumutfordringar kan skape usikkerheit omkring bustadområder.

Evanger er ei identitetsrik og sjarmerande grend med nærliek til natur, god togforbindelse og eit lite men aktivt lokalsamfunn. Togstasjonen og pendlaravstand til Voss og Bergen bidreg til å gjøre staden attraktiv. Evanger er kjend for sitt sær preg, men står i ei sårbar posisjon mellom ei sterkt kulturarv og utfordringar knytte til flaum, skredfare og fråflytting. Store delar av sentrum ligg i flaumsona, noko som avgrensar vidare utvikling og krev omfattande tiltak. I Evanger bør ein bygge vidare på dei kvalitetane Evanger allereie har som eit sterkt lokalsamfunn, naturkvalitetar, og ein liten småstadskvalitet som skil seg ut.

# Bulken



Bilete: Google Earth

# Bulken

LÉVA URBAN DESIGN




Bulken er ei grend omlag ti minutter kjøreavstand vest for Vossevangen. Her bur ein i nærleik til natur, samstundes som det er kort reiseveg til inn til Vossevangen. Bulken har og eige jernbanestasjon, og er derfor godt kopla til Vossevangen med kollektivtransport.

Bygda har ein sterk identitet som landbruks- og idrettsbygd, med aktive lag og foreiningar, mellom anna eit velfungerande ungdomslag, og fleire ildsjeler.

Samtidig er Bulken prega av fragmentert busetnad med både eldre og nyare bustadar, utan eit tydeleg sentrum, og infrastrukturen er i liten grad tilpassa samlande møteplassar. Mange elevar må ha skuleskiss på grunn av avstand og/eller utrygg skuleveg.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

utsikt  
bra idrettslag idrettskultur  
nyttar voss sentrum fredeleg  
landbruk godt samhold trygg vakker skule  
skog og fjell lite inkluderande privat  
bra fritt gode naboar fin  
platt nær barnehage/skule  
landleg folk natur barnehage er bra  
kjekke innkluderande  
kunne vært bedre veg aktiv  
bygde godt miljø ved skule  
jernbanestasjon



Ordskyen er basert på data frå innbyggjerundersøkinga og syner orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur

## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Mobilitet:** kopling til jernbanen og difor gode forbindelsar til blant anna Vossevangen og Bergen. Sykkelavstand til Vossevangen.

**Lokalsamfunn:** Sterkt ungdomslag, aktive idrettslag og mange ildsjeler gir eit solid sosialt fundament.

**Bustad:** rimelegare bustadprisar enn i Vossevangen kan trekke til seg barnefamiliar og førstegangsetablerarar.

**Identitet:** sterk identitet knytta til landbruk og idrettsmiljø.

**Infrastruktur og mobilitet:** lite tilpassa gåande og syklande internt, og avstandane mellom funksjonar krev gjerne bilbruk.

**Senterstruktur:** manglar eit tydeleg senter og felles møteplassar, noko som svekkar bygda si samla funksjon. Manglar teneste- og senterstilbod.

**Born og unge:** skulevegen er utrygg eller for lang, og fleire elevar har behov for skuleskyss.

**Lite fortettingspotensial:** knytt til jordvern og landbruksinteresse.

Bulken har flott natur, togstasjon og nærleik til Vossevangen, noko som gir gode bu- og pendlarmoglegheiter. Det aktive lokalsamfunnet og ungdomslaget bidreg positivt til trivsel og samhald. Tidlegare var laksen og elva eit viktig grunnlag for busetnad og matauk, og området var eit attraktivt reisemål for sportsfiskarar. Etter at lakseestamma kollapsa, har dette grunnlaget for turisme avtatt. Tidlegare fantes det blant anna hotell, men er i dag nedlagd og tekne i bruk som mottak for flyktingar. Denne historia gjev bygda eit preg av både tradisjon og endring, der landbruks- og idrettsmiljø i dag utgjer fundamentet for grenden. I dag står Bulken overfor nokre utfordringar, med få lokale arbeidsplassar, fragmentert busetnad (knytt til bl.a jordbruk), Vangsvatnet som fysisk barriere, og eit udefinert senter og avgrensa tilbod av lokale tenester. Avstandane mellom bustadar og tenestetilbod og møteplassar gjer det utfordrande å etablere eit tyngdepunkt.

# Nordlig akse

Vossestrand (Sundve, Vinje, Oppheim, Haugsvik)  
og Myrkdalen

Den nordlege aksen har ein samansett struktur der Vossestrand utgjer eit større område med grender som Sundve, Vinje, Oppheim og Haugsvik, kvar med sine kvalitetar og utfordringar. Myrkdalen framstår som ei sterkt destinasjon med stor attraksjonskraft, og har eit særleg potensial i å knyte seg tettare til lokal kultur og befolkning.



# Vossestrand

LÉVA URBAN DESIGN



Vossestrand utgjer eit viktig knutepunkt i den nordlege delen av heradet. Med plasseringa i knutepunktet mellom E16 og E13 har Vossestrand eit strategisk utgangspunkt blant anna som innfallsporten til Myrdalen.

Området har mange kvalitetar som vakker og variert natur, samt tenester som Vossestrand barne- og ungdomsskule, Sundve idrett- og ballbinge og Vossestrand omsorgstun som er viktige funksjonar for både barn, unge og eldre.

Samstundes er Vossestrand eit område med mange mindre grender med funksjonar spreidd i desse grendene, noko som gjer det utfordrande og meir komplekst i forhold til å definere eit tyngdepunkt i den nordlige aksen.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

godt landleg utsikt rolig får_energi open samhald/miljø trygt friluft trykk vakker inkluderande samhald flott	kjekke høyt over innsjøen landeleg god stad å vera fantastisk natur liten trivelege menneske vakkert barnevennlig turstier roleg
---	---

**flott natur**



Ordskena er basert på data frå innbyggjarundersøkinga og syner orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur

## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Samhald og lokalkultur:** lokalt samhald, har fleire aktive lag og organisasjoner, og "alle hjelpt alle" mentalitet. Har Vossestrand Sambygg som driv samfunnshuset og tilbyr møteplassar for lokalsamfunnet.

**Natur og landbruk:** mykje aktivt landbruk, og natur som blir verdsett av innbyggjarar.

**Næring:** har næring særleg knytt til både reiseliv og landbruk/ matproduksjon, blant anna knytt til hotell- og camping.

**Familieliv:** har både barnehage og barne- og ungdomsskule samt omsorgstun. Skule, barnehage og fritidstilbod ligg i nærleiken av kvarandre.

**Mobilitet og infrastruktur:** dårlig kollektivdekning, lange avstander, og dårlig tilrettelagt for gange- og sykkel som medfører at ein stor andel av elevane har behov for skuleskyss.

**Senterstruktur:** fragmenterte funksjonar og tenestetilbod spreidd langs store avstandar gjer at staden i stor grad er bilavhengig.

Vossestrand har fleire tydelege kvalitetar, som vakker natur, aktivt landbruk og eit sterkt lokalsamhald. Samstundes er området prega av fleire mindre grender, noko som gjer at busetnad for heile Vossestrand ligg spreidd, funksjonar er fragmenterte og det er eit svakt kollektivtilbod. Det manglar eit klart definert grendesenter, og sentrale tenester som skule, barnehage og fritidstilbod ligg langt unna mange av bustadene (t.d. for Oppheim, Myrdalen). Grunna den fragmenterte strukturen er det lite føremålstenleg å omtale Vossestrand som ein samla eining, stadene må og vurderast kvar for seg. På neste side er difor Sundve, Oppheim, Vinje og Haugsvik skildra enkeltvis, for å belyse deira eigne særpreg, styrkar og utfordringar.

# Sundve, Vinje, Oppheim og Haugsvik

LÉVA URBAN DESIGN



## Sundve



Sundve framstår som eit tradisjonelt landbruksområde med busetnad. Grenda har viktige institusjonar som skule, barnehage og idrettsanlegg, noko som gjer staden sentral for oppvekstmiljø og familieliv. Desse funksjonane er viktige for barnefamiliar og for kvarldagslivet her. Samstundes er næringsgrunnlaget avgrensa til landbruket, og det finst få andre tenester eller tilbod. For å styrke kvarldagslivet her, er det viktig å vurdere korleis Sundve kan knytast betre til dei nærmaste grendene slik som Vinje for å betre tilgang til tenester.

## Vinje



Vinje er prega av eit markant vegkryss som definerer staden og gjer han til eit naturleg knutepunkt mellom Myrdalen i nord, Sundve i sør og Oppheim i aust. Her finn ein Joker butikk, bensinstasjon og enkelte andre næringar, noko som gjev Vinje preg av eit lite lokalt sentrum. Desse funksjonane gjer staden viktig både for lokalbefolkinga og for gjennomgangstrafikken.

Vinje har potensial i å styrkes som servicestad, samstundes er trafikkmengda gjennom området ei utfordring.

## Oppheim



Oppheim har noen gode fysiske kvalitetar og føresetnader for vidare utvikling. Dette gjeld særleg det bygde miljøet og naturen. Lokaliseringa, med mellom anna større avstand til Myrdalen enn Vinje og Sundve, gjer det likevel utfordrande å etablere sjølvstendige tilbod som kan stå på eigne bein.

Området er prega av tidlegare reiselivsnæring, med mindre skianlegg og overnattingsstader som ikkje lenger er i drift. Dette har ført til at Oppheim i dag framstår meir som eit område dominert av hytter og veikroer, enn som ein aktiv turistdestinasjon.

## Haugsvik



Haugsvik framstår noko likt som Oppheim når det gjeld fysiske stadsqualitetar, med tunbebyggelse, campingområde og attraktive naturkvalitetar. Bygda har eit lite sentrum med ein Joker butikk og ein barnehage, noko som har positiv innverknad på kvarldagslivet og gjer det mogleg å dekke nokre lokale behov.

Samtidig er det få andre funksjonar i Haugsvik, og avstanden til nærmeste skule på Sundve er relativt stor. Det er og 35 minutt køyring til Vangen, noko som kan påverke kvarldagen når det gjeld skule, arbeid og tilgang til andre tenester.

# Myrkdalen



# Myrdalen

LÉVA URBAN DESIGN



Myrdalen er ei lita grend, men samstundes ein sentral feriedestinasjon i regionen, med eitt av dei største skisentra på Vestlandet. Med ei reisetid på om lag to timer frå Bergen har staden etablert seg som eit attraktivt feriemål gjennom heile året. I tillegg har Myrdalen store landskaps- og naturkvalitetar, med fleire viktige turmål i området.

Myrdalen har gått frå å vera ei fråflyttingstrua grend til å få ein ny dynamikk gjennom reiselivsnæringa. Denne næringa har skapt arbeidsplassar og grunnlag for nye tenester.

Samstundes er Myrdalen framleis prega av svak senterstruktur og dårlig kollektivdekning. Den därlege kollektivdekninga gjer at mange er avhengige av bil for å arbeide og besøke fjellandsbyen.

Fastbuande opplev at utviklinga har skjedd for fort, og at staden har blitt eit "offer", slik at lokalsamfunnet opplever ei spenning mellom vekst og tilhørsle til staden.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

**nærleik til naturen**

mange mil i bil

aktiv livsstil

ski

frott

freiheit



Ordskeny er basert på data frå innbyggjarundersøkinga og synet orda innbyggjarane brukte for å beskrive staden dei bur på.

Data på kartet er både frå den digitale innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i løpet av sommaren 2025, samt arbeidsverkstad med politikarar og administrasjonen.

Voss herad - Kunnskapsgrunnlag Senterstruktur

S.73

## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Næring:** mange arbeidsplassar knytt til turisme og reiselivsnæringa. Potensial for i større grad utvikle heilårsturisme, slik at ein har arbeidsplassar og aktivitetar året rundt.

**Myrdalen som destinasjon:** ein attraktiv destinasjon gir grunnlag for å utvikle eit meir funksjonelt sentrum med kvar dagstilbod, servicefunksjonar og møteplassar.

**Natur- og naturopplevelser:** Myrdalen har mange tur- og friluftslivdestinasjoner i området, og kvaliteter knytt til natur er viktig både for fastbuande og tilreisande.

**Mobilitet og infrastruktur:** därleg kollektivdekning og avhengighet til bil, smale veger, mye trafikk på vinterhalvåret.

**Lokal forankring:** dersom ikkje utviklinga er lokalt forankra kan ein stå i fare for å skape konflikt mellom reiselivet og lokalsamfunnet, slik ein ser tendensar til allereie. Er behov for ein større balansering omkring behova til næringa og besøkjande opp mot behova til innbyggjarar og lokalbefolkinga.

**Møteplassar:** manglande felles møteplassar gjer det vanskeleg å skape ein samlande identitet mellom tilreisende og fastbuande.

Myrdalen er i dag ein av Noregs mest snøsikre og besøkte skidestinasjonar, med stor vekst i reiseliv og hytteutbygging. Dette har skapt aktivitet og arbeidsplassar, men utviklinga har nok i mindre grad styrkt bygda som bustad for fastbuande. Ein av dei største utfordringane er at det manglar eit samla sentrum, kvarlagsfunksjonar og kollektivtilbod som betre kan tene både fastbuande og tilreisande. Myrdalen har stort potensial til å utviklast til ei heilårsbygd og destinasjon med urbane kvalitetar, dersom ein lukkast med å etablere funksjonar som også tener dei fastbuande. For at Myrdalen skal bli ein betre og meir integrert del av busetnadsstrukturen i Voss herad, trengst ei balansert satsing der reiselivet og lokalsamfunnet samarbeider, og der ein veg behova til næringa opp mot behova til innbyggjarane. Dette gjer det avgjerande å involvere lokalmiljøet og innbyggjarane i Voss aktivt i prosessen.

# Sørlig akse

## Bjørgum og Granvin

Den sørlege aksen omfattar to ulike grender. Granvin, med bakgrunn som tidlegare eigen kommune, har eit velfungerande lokalsamfunn med gode tenester, aktivt organisasjonsliv og sterk lokal identitet. Bjørgum ligg tettare på Vossevangen og Palmafossen, og har naturleg tettare koplinger dit, og viktige næringsområde i heradet.

# Granvin



Bilete: LÉVA Urban Design

# Granvin

Granvin er eit lite, men levande bygdesamfunn med ei sterk lokal forankring og ein tydeleg identitet. Her står fellesskap, dugnadsånd og kulturliv sentralt. Granvin har mykje frivillig engasjement, der grendelag og ungdomslag spelar ei aktiv rolle. Kulturskulen og biblioteket er viktige institusjonar som også er eit viktig bidrag her.

Natur og naturopplevingar er ein sentral del av både kvardagen og identiteten i Granvin. Staden har flott natur, og tilgang til fjord og fjell blir løfta fram som viktige kjelder til naturopplevingar. I tillegg er badestranda, båtlivet og friluftstilbod viktige kvalitetar som bidreg positivt.

Granvin var tidlegare eigen kommune, og vert i dag opplevd som eit eige bygdesamfunn med noe svak geografisk og mental tilknyting til Vossevangen. Staden ligg geografisk avsides frå dei andre grendene, men har likevel dei grunnleggjande funksjonane som skal til for å halda oppe eit kvardagsliv: barneskule, ungdomsskule, barnehage og daglegvarebutikk. Granvin Bruk er ei viktig hjørnestensverksemد med fleire arbeidsplassar.

Dei som oppgjev at dei er frå Granvin, opplever bygda som ein god og trygg stad å bu. Nokre få gir uttrykk for ei kjensle av at bygda blir oversett i heradet eller at dei ikkje følar seg som ein del av Voss.



## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Sentrumsutvikling:** eit samla sentrum med ei blanding av nødvendige og valfrie funksjonar som skule, barnehage, ungdomsskule, matbutikk, kultur, friluftsliv. Tilbod samla innanfor 1 km radius. Intimt sentrum med gode kvalitetar i bebyggelse og natur.

**Næring:** Granvin Bruk som ei viktig hjørnesteinsbedrift. Potensiale i å kople seg sterkare opp mot reiseliv/turisme knyttet til Hardangerfjorden.

**Historie:** har historie og tradisjon knytt til folkemusikk, folkedans, kultur og dugnad.

**Familieliv:** har barneskule, ungdomsskule og barnehage. Planlagt etablering av ny barnehage.

**Sosialt liv:** aktivt ungdomslag, etablert kulturliv og sterkt dugnadsånd.

**Mobilitet:** mobilitetsutfordringar knytt til smale vegar, høg fart, bilbasert transport og lange avstandar. Bilbasert tilknyting mellom Granvin sentrum og øvre Granvin. Lange avstandar til Vossevangen og andre grender i heradet.

**Industri:** industrien Granvin Bruk er plassert langs med fjordlinja, eit attraktivt areal, som kunne vore utnytta betre.

**Tilhørsle:** innbyggjarane kjenner i mindre grad tilhørsle til Voss, sidan dei tidlegare har vore eigen kommune. Både den mentale og den fysiske avstanden verkar som barrierar.

Granvin er eit samla og funksjonelt bygdesamfunn med viktige tenester som skule, barnehage, ungdomsskule, matbutikkar og kulturtilbod. Granvin Bruk er ei sentral hjørnesteinsbedrift, og det finst eit visst grunnlag for turistnæring. Bygda har kulturelle tradisjonar knytt til folkemusikk, dugnad, og eit aktivt sosialt liv med ungdomslag og kulturliv. Familielivet er godt ivaretatt med oppveksttilbod og fritidstilbod. Samstundes er det nokre mobilitetsutfordringar knytt til smale vegar, høg fart og bilavhengig transport (øvrige Granvin). Granvin har gode føresetnader for å få status som grendesenter basert på sterke fellesskap og lokale ressursar, samt allereie tilrettelagte funksjoner og tilbod. I tillegg har dei direkte tilgang til Hardangerfjorden, som til nå er eit noko uutnytta potensial.



Bilete: Google Earth

Bjørgum er eit etablert bustadområde aust for Vossevangen, med fleire bustadfelt i nærleik til natur, friluftsliv og fritidstilbod. Området framstår som attraktivt for barnefamiliar, med barneskule (Bjørgum skule), to barnehagar (Mönshaugen og Bjørgamarka), idrettsanlegg og leikeplassar, noko som skaper grunnlag for ein familievenleg kvardag og er viktige møteplassar for barnefamiliar. I nærleiken ligg også Istad og Bjørkemoen som inneheld fleire næringar og arbeidsplassar. Bjørgum har og styrkje i at bustadområda i stor grad er konsentrert.

Fleire beskriv at kollektivdekninga er ein utfordring på Bjørgum, og at ein i høg grad er bilavhengig i dag. Det er også påpeikt at enkelte elevar har behov for skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

stoy trafikk	stille idyllisk
koseleg sentralt	<b>rolig</b> trygt
barnevennlig barnehage skuleveg	<b>nabolog</b> <b>skule</b>
rolig fjell turmuligheta naturskjønt landlig	<b>flott</b> <b>natur</b> turmuligheit naturskjønt landlig



## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Næring og arbeidsplassar:** Nærleik til eksisterande industriområde med mange arbeidsplassar (Istad og Bjørkemoen), atskilt frå bustadområda men i gangavstand for mange.

**Familieliv:** etablert bustadstruktur med fleire bustadfelt, nærleik til natur og friluftsområde, skule og barnehage.

**Lokalsamfunn:** aktivt lokalsamfunn som gir grobotn for fellesskap og trivsel, skule og leikeplassar som viktige møteplassar for lokalsamfunnet.

**Aktiv mobilitet:** har gang og sykkelveger til Vossevangen.

**Kvardagsliv:** ingen kvardagstilbod som daglegvare, og dårlige koplingar (kollektivt) som gjer det utfordrande å nå slike tenester utan bil.

**Mobilitet og infrastruktur:** svakt kollektivtilbod, store (mentale) avstander og i stor bilavhengighet.

Bjørgum er i dag eit etablert bustadområde, med fleire bustadfelt, to barnehagar og barneskule, og nærleik til natur og friluftsliv. Området har kvalitetar, særleg for barnefamiliar, og eit aktivt nærmiljø prega av frivillige lag og gode nabolagskvalitetar. Gang- og sykkelinfrastruktur er noko mangelfull, terrenget er varierande, og nokre treng skuleskyss grunna utrygge vegar. Kollektivtilboden er svakt, og området er i praksis bilavhengig, noko som påverkar kvardagslivet. Bjørgum har eit tydeleg utviklingspotensial som allereie er eit godt etablert bustad- og næringsområde. Å styrke interne koplingar til eksisterande møteplassar og tilbod (skule og barnehage spesielt), samt betre kollektivdekning til Vossevangen, vil kunne bidra til å i stor grad betre kvardagslivet.

# Grender i mellomsona

Bordalen, Kyte og Raundalen

# Bordalen



Bilete: Google Earth

# Bordalen

LÉVA URBAN DESIGN



Bordalen ligg i ein dal, og har kort avstand til Vossevangen. Staden har aktivt landbruk og nærliek til naturen. Bordalen er også nær Voss ski- og tursenter og har tilgang til eit rikt mangfold av turstiar og friluftsområde.

Samtidig står Bordalen overfor nokre utfordringar. Busetnaden er spreidd, med mykje tom bebyggelse. Den nedlagte skulen blir påpeikt som limet på staden, og det sosiale miljøet er påverka av dette.

Vegstandarden blir peikt på som varierande og til dels dårlig, og reisevegane til sentrum er lange og krevjande, noko som gjer staden i stor grad bilavhengig. Det er mangel på gang- og sykkelvegar, og kollektivtilbodet er svakt.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

trygt  
vakker  
for mykje hytter  
vakkert natur roleg fritt  
godt grendamiljø  
bra fredeleg ven  
gode bu forhold



## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Næring:** kopla eksisterande landbruksmiljø til eks. reiseliv i form av lokalmat. Potensiale for opplevingsverksemd for naturopplevingar (eks. Bordalsgjelet, Voss ski- og tursenter etc.)

**Lokalsamfunn:** sterkt lokalsamfunn, har eit sosialt fellesskap. Har Hovdatun som møteplass for blant anna Bordalen ungdomslag.

**Natur og friluftsliv:** nærliek til fjell, turløyper og Voss ski- og tursenter gir høg verdi for friluftsliv og kan vere ein viktig faktor for buattraksjon.

**Kvardagsliv:** mangel på tenester i samspel med dårlige kollektivforbindelsar og gang- og sykkelveger til Vossevangen gjer det utfordrande for kvardagslivet utan bil.

**Familieliv:** leikeplassar og fotballbane i dårlig forfatning. Skulen som er nedlagt var påpeikt som limet til staden.

**Mobilitet og infrastruktur:** vegstandard og kommunikasjon mot Vossevangen er svak.

Bordalen er ei fjellnær gren med aktivt landbruk, eit rikt friluftsliv og sterkt lokal identitet. Området har høg buverdi for naturinteresserte, ikkje minst på grunn av nærlieken til friluftsområde og Voss ski- og tursenter. Samstundes er busetnaden spreidd, og dårlig vegstandard og avgrensa koplingar til Vossevangen gjer innbyggjarane bilavhengige, noko som kan gjere kvardagslivet krevjande, spesielt ettersom Bordalen heller ikkje er kobla til dei tre aksane. Å styrke koplingane til Vossevangen vil derfor vere ein viktig føresetnad for å gjere kvardagen enklare og meir funksjonell for innbyggjarane som bur i Bordalen.

# Kyte




Bilete: Google Earth

Kyte ligg nordaust for Vossevangen, og har utvikla seg til å bli eit populært bustadområde. Området har opplevd bustadbygging dei siste åra og har eit ung og tilflyttande miljø, noko som har bidrege til å styrke lokalsamfunnet. Det er sterkt sosialt fellesskap og eit aktivt ungdomslag som blir peika på som som eit pluss ved å bu i området. Kyte har også ei rekke naturkvalitetar med kort veg til friluftsområde og kulturlandskap.

Samstundes finst det nokre utfordringar. Avstanden til sentrum er stor og det er ikkje reell gange eller sykkelavstand til Vossevangen (grunna topografi). Dei fleste må ha skuleskyss, og det nødvendig med bil til barnehage og andre tenester, noko som gjer området i høg grad bilavhengig. Det blir også peikt på interne mobilitetsutfordringar knytt til vegstandard, mangelfull gang og sykkelveg, samt fart.

**Beskriv staden med tre stikkord (dei som bur her):**

samhold  
 rolig kulturhistorisk  
**fritt vakker** sosial  
 naturnær  
 landleg fin blanding av folk høgt  
 usentralt  
**godt nabolag**  
 stille nært sentrum fint  
 aktive gardsbruk trygg  
 roleg inkluderande **natur**  
 samhold sol



## Potensial og fortrinn



## Svakheter og utfordringar



**Bustad:** attraktivt bustadområde, med mykje nybygg og tilflytting, særleg blant unge familiarer.

**Natur og landskap:** vakkert kulturlandskap og nærliek til fjell og friluftsområde.

**Lokalsamfunn:** sterkt lokalsamfunn, godt naboskap og aktivt ungdomslag gir god grobotn for trivsel og fellesskap.

**Kvardagsliv:** få kvardagstilbod og svake koplingar til Vossevangen gjer det utfordrande for kvardagslivet.

**Mobilitet og infrastruktur:** svake gang- og sykkelveger, svakt kollektivtilbod, samt lange avstander til Vossevangen (for mjuke trafikanter).

**Næring:** få/ingen næringsverksemder i dag, krevjer at folk pendlar ut av grenda.

Kyte er i dag ei attraktiv og veksande bugrend i Voss, med mykje ny bustadbygging, ungt tilflyttingsmiljø og eit sterkt lokalsamfunn. Plasseringa tett på naturen gjer området attraktivt blant dei som ønskjer å bu landleg og roleg, men med rimeleg nærliek (køyreavstand) til Vossevangen. Samstundes er dei som bur her i høg grad bilavhengig, og barn må ha skuleskyss eller bli køyrde til barnehage og fritidsaktivitetar. Utfordrande topografi og manglande gang- og sykkelvegar gjer kvardagsreiser vanskeleg utan bil. Interne koplingar er også peikt på som utfordrande. Kyte har likevel klart utviklingspotensial som bustadgrend, men det føreset betre infrastruktur og koplingar særleg til Vossevangen, trygg ferdsel internt og lokal tilrettelegging for møteplassar.

# Raundalen

Bilete: Google Earth



# Raundalen

LÉVA URBAN DESIGN



Innleiingsvis vart ikkje Raundalen peikt ut som ein eigen grend i kunnskapsgrunnlaget, då dei andre grendene i heradet framstod som meir tydelege. Gjennom prosessen har Raundalen likevel kome fram både i undersøkinga og i arbeidsverkstader som eit område som bør inkluderast grunna stadens potensial for reiselivssatsing.

Raundalen er ei langstrakt fjelldal som er over to mil lang. Dalen har preg av ein lita og spreidd busetnad utan eit samla gredesenter og utan tilbod og tenester. Innbyggjarane er derfor avhengige av tilbod utanfor dalen.

Raundalen i ferd med å vekkje ny interesse knytta til reiselivssatsing knytt til naturen og det særprega landskapet. Blant anna gjennom padling, turstiar, jakt, fiske og skiaktivitetar. Reiselivssatsing kan gje potensial i form av nye arbeidsplassar og aktivitetar. Raundalen har også eit potensial knytt til mobilitet med toglinja langs Bergensbanen, noko som legg til rette for pendling og turisme. Samstundes er vegtilkomstane krevjande, med avgrensa standard og få tilrettelagde samband.

Som busetnad har Raundalen eit potensial i forhold til dei som ønskjer å bu annleis, med fokus på opplevelingar knytt til natur. I forhold til bustader ligg det potensial i å få aktivert eksisterande bygningsmasse (lys i gamle hus).




# ANBEFALING SENTERSTRUKTUR

# Anbefaling

I den noverande senterstrukturen er det ei tredeling med regionsenter og kommunesenter, tre lokalsenter og fem nærsenter utan at rolla og tydinga til desse er nærmere definerte. Dette gjer det vanskeleg å planleggje ressursbruken slik at den gir størst mogleg effekt for flest innbyggjarar. For å realisere visjonen til Voss herad om å vera eit sterkt regionsenter med levande grender, er det avgjerande å gjere tydelege prioriteringar. Ein må vurdere kva stader som bør satsast på som senter med skule, tenestetilbod og sentrumsfunksjonar.

I ein ny senterstruktur blir regionsenteret heilt sentralt. Eit robust og velfungerande regionsenter vil òg styrke livskrafa og attraktiviteten i grendene. Dette speglar også interessa for tilflytting og auka innbyggjartal blant dei som ønskjer å busetje seg på Vossevangen og i sentrum. Samstundes må enkelte grender prioriterast som gredesenter for å styrke og betre tilboda til dei som bur lenger unna regionsenteret.

Gredesentra bør ligge langs dei tre aksane, med vekt på både tilgjenge for flest mogleg og det faktiske utviklingspotensialet på staden.



**Sørlig akse:** Granvin peikar seg naturleg ut som grendesenter i sør med svakare koplingar til Vossevangen, men eit solid utgangspunkt for vidare utvikling. I vest og nord er vurderingane meir komplekse, der både plassering og føresetnader, til dømes knytte til naturfare, må vegast nøyne opp mot kvarandre.

**Vestlig akse:** Tettstadene i vest har eit stort fortrinn i tilgjenge og vidare planar for utbygging av Bergensbanen. Samstundes er dette aksnen som har hatt nedgang i folketal og er mest sårbar for naturfare.

Gitt dagens tilbod og funksjonar framstår Evanger som det mest samla senteret på vestaksen, med fleire etablerte funksjonar enn både Bolstad og Bulken. Samstundes er sentrumsområdet i Evanger særleg utsett for flaum og skred, noko som gjer det mindre berekraftig som langsiktig val. Bolstad har også gode fysiske føresetnader og tydelege kvaliteter å byggje vidare på, men manglar nokre av funksjonane Evanger har i dag. Bolstad vil krevje meir målretta satsing for å bli eit velfungerande grenedesenter, men kan på sikt vere eit tryggare og meir berekraftig val.

**Nordleg akse:** I den nordlege aksnen er det fleire stader som kan ha potensial for å bli grenedesenter, men ingen som tydeleg peikar seg ut med alle føresetnadene som skal til. Nokre stader har fysiske utfordringar, der det er vanskeleg å skape eit kompakt og levande grenedesenter, medan andre har lite aktivitet og få tilbod

i dag. For nordaksen blir det difor viktig å vurdere heilskapen knytt til tilgjenge, kva stad som vil gi best tilgang til eit samla tenestesenter for bygdene i nord, og som samstundes har kvalitetar å byggje vidare på.

Her peikar Oppheim seg ut med nokre gode fysiske føresetnader, men har lite funksjonar og tilbod i dag og ligg noko avsides frå koplinga til den store reiselivssatsinga i Myrdalen. Vinje ligg betre til geografisk sett, men har ikkje dei same gode fysiske føresetnadene for å utviklast til eit attraktivt grenedesenter. I den nordlege aksnen blir det òg viktig å sjå på reiselivssatsinga i Myrdalen som ein ressurs, både knytt til tilbod, funksjonar og moglegheiter for lokalbefolkinga.

For dei grendene som ikkje får status som grenedesenter, vil det offentlege i mindre grad kunne spela ei aktiv rolle. Det kan ikkje prioriterast større satsing på offentlege tenestetilbod som skular og andre tenester som bør ligge i grenedesentra. Her blir det difor avgjerande å finne nye samarbeidsmodellar mellom innbyggjarar, lokalt næringsliv og kommunen, for å sikre at desse stadene òg kan vere attraktive å bu i. Samstundes blir det viktig å styrke koplingane til nærmaste grenedesenter eller til regionsenteret.

# OPPSUMMERING POLITISK ARBEIDSVERKSTAD

## OPPSUMMERING ARBEIDSVERKSTAD

Den 18. september fekk politikarane presentert den førebelse innsikta og kartlegginga frå innsiktsgrunnlaget. Deretter gjennomførte dei eit arbeidsverkstad i grupper, der dei fekk utdelt problemstillingar knytte til ulike tema som tok utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget.

Hensikta og målet med oppgåva var å tenke overordna og løfte fram kva som bør prioriterast i ny senterstruktur, og kva moglegheiter som finst for bygdene som ikkje får senterstatus. Tema for arbeidsoppgåvene var: eldre, sykkel og gange, dugnad og lagsliv, stedsidentitet, barn og unge, og arbeidsliv. I oppgåva skulle deltakarane først markere på kart dei stadene som har størst potensial eller utfordringar knytte til problemstillinga, og deretter diskutere moglege tiltak eller prosjekt som kan teste nye løysingar.

Det ein såg, var at mange av utfordringane og mogleheitene gjekk på tvers av dei ulike tematikkene og stadane. Verkstaden tydeleggjorde at strategiske tiltak må sjåast i samanheng på tvers av stader, og at det finst mogleheter for å styrke både små grender og etablerte sentra dersom ein planlegg for det.



## Kort oppsummering av dei ulike temaene

### Eldre

Stader med store avstandar og utfordringar knytte til mobilitet vart peikte ut som særleg krevjande for eldre. Det vart drøfta tiltak som kan bidra til at eldre kan klare seg lengre i eigen bustad. Ett forslag var til dømes ordninga «Eldre hjelper eldre», der ein etablerer eit fellesskap av eldre som i større grad kan støtte og hjelpe kvarandre. Dette styrker både det sosiale fellesskapet og evna til å vere sjølvstendig over lengre tid. Det vart òg foreslått å satse på nye bustadkonsept for eldre.

### Sykkel- og gange

Det vart peikt på fleire stader som i dag har utfordringar knytte til aktiv mobilitet. Samstundes vart det understreka at relativt enkle tiltak kan gjere mykje for å leggje betre til rette og auke tilgjengelegheta. Særleg vart skilting framheva som eit effektivt verkemiddel, ikkje minst frå grendene og inn mot Vossevangen. Det kom og fram innspel om å oppgradere og tilretteleggje gamle vegar og stiar, slik at dei vert tryggare og meir funksjonelle som bilfrie ferdsselsårar.

### Dugnad oglagsliv

Stader som manglar aktive møteplassar eller lag og foreiningar vart peikt ut som særleg utfordrande i denne samanhengen. Det kom fram forslag om å starte ein kampanje for å belyse, informere og skape ei felles forståing av kva dugnad er, slik at omgrepet vert brukt på likt og at det vert sett positive kriterium for dugnadsarbeid. Det vart òg særleg framheva kor viktig det er å integrere innvandrarar betre og engasjere dei i fellesskapet, noko som kan styrke både deltakinga og tilknytinga til lokalsamfunnet.

### Barn og ungdom

Idrettslag og idrettsanlegg vart peikt på som viktige ressursar, men med særlege utfordringar der dei ligg langt unna bustadområda. Når det gjeld tiltak, vart det særleg drøfta korleis ungdom kan inkluderast i større grad, mellom anna gjennom arbeidslivet. Eit konkret forslag var å etablere samarbeid med ungdomsbedrifter ved vidaregåande skular, med prosjekt som kan bidra til å skape tilknyting og gjere det meir attraktivt å bli verande i lokalsamfunnet etter endt skulegang.

### Stedsidentitet

Det vart framheva at ein finn både utfordringar og moglegheiter på alle stadene. Historiske bygningsmiljø og eldre grender vart peikt på som ressursar med stort potensial for formidling, og det vart foreslått å synleggjere dette gjennom informasjon lokalt. Det vart og understreka at stadene bør nytte si geografiske plassering som ein styrke til dømes at Granvin kan framhevast som porten til Hardanger.

### Arbeidsplassar

Det vart peikt på fleire eksisterande næringsområde, men og på behovet for å utvikle fleire coworking område der folk bur, slik at ein kan leggje til rette for meir lokalt basert arbeidsliv. Dette vart trekt fram som særleg viktig for å styrke busetnaden i grendene. Eit anna tema som vart løfta fram var seniorar i arbeidslivet og korleis ein kan rekruttere og utnytte ressursane for dei som ønskjer å arbeide. Raundalen vart peikt på som område for reiseliv, og jordbruket nemnt som ein ressurs som bør koplast sterkare til næringslivet.



LÉVA URBAN DESIGN